



# SELJE KOMMUNE

## Kommunestyret

### Møtebok

**Møtedato:** 27.04.2015

**Møtetid:** Kl. 14:00 – 20:30

**Møtested:** Kommunehuset, 2. etg.

**Saksnr.:** 011/15 - 023/15

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

TP: Ottar Nygård (ordfører), Gunnar Silden, Terje Ødegård, Stine Aase Myhre.

UAVH: Toril Sande.

FRP: Svein Hansen, Anne Lise Drage

KRF: Gunn V. Helgesen, Raymond Myren, Stein Robert Osdal.

H: Magny H. Myklebust, Kenneth Brandal, Eva Janne T. Årvik.

AP: Per Egil Hellebust

SP: Gunn Sande

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

FRP: Marit Swensen, Ove Swensen. Begge hadde gjeve melding om forfall til møtet.

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

FRP: Laila S. Bødal, Roar Finseth.

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Kommunalsjef Helse og sosial Åse Elin Hole under temadel i Helse og omsorg «God Start».

Økonomisjef Geir Kvisten. Rådmann Ørnulf Lillestøl førte møteboka

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

17 voterande

Møtet starta med:

Temadel: Helse og omsorg – «God Start». Orientering v/ Tom Guldhav frå Helse Førde.

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
011/15	Godkjenning av møtebok
012/15	Referatsaker
013/15	Vassområde Nordfjord - Ny prosjektplan 2016 - 2021
014/15	Årsmelding for Kontrollutvalet 2014
015/15	Kommunal medfinansiering av samhandlingsprosjekt og felles ordningar mellom Helse Førde og kommunane - Samlesak
016/15	Rutinar for sakshandsaming av felles samarbeidsavtaler, ordningar og prosjekt innan helseområdet og tilhøyrande finansiering
017/15	Legekontor på Stadlandet
018/15	Politisk organisering
019/15	Revidert finansreglement - Selje kommune
020/15	Rebudsjettering - Investeringsbudsjett 2015
021/15	Stad Skipstunnel - Bruk av tunnelmasse
022/15	Kommuneplan 2015-2027 - Arealdel - Planprogram
023/15	Kommuneplan 2015-2027 - Samfunnsdel

**Tilleggsaker:** Ingen

### **Interpellasjon :**

Interpellasjon til ordførar frå Selje FRP v/Svein Hansen, dat. 08.04.15.

Ordførar orienterte / la fram skriftleg svar på interpellasjon i brev, dat. 24.04.15.

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	27.04.2015	011/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/256
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 11.02.15 vert godkjent slik den ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
20.04.2015	Møtebok KS 11.02.15.pdf	65116

### **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

### **KS-011/15 VEDTAK**

Møteboka frå møte 11.02.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	27.04.2015	012/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/255
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/1177	I	09.03.2015	Vest Kontrollutvalssekreta riat	Møtebok Kontrollutvalet 05.03.15
2	15/1558	S	09.04.2015		Årsmelding 2014 - Selje Eldreråd
3	15/1560	S	31.03.2015		Årsmelding 2014 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
4	15/1727	I	09.04.2015	Smiso SF - Senter mot incest og seksuelle overgrep i S.Fj	Årsmelding 2014 - Smiso SF

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015

17 voterande

Tilleggsreferat:

5.Ordfører: Evaluering av Nordfjord Vekst

**KS-012/15 VEDTAK**

1: Teke til vitande.

2. Teke til vitande

3. Teke til vitande

4. Teke til vitande

5. Kommunestyret bed rådmann sjekke tidsplan for ei muleg politisk handsaming av evaluering av Nordfjord Vekst. Generalforsamling i NV skal etter møteplanen vere 9. juni.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	18.03.2015	019/15
Kommunestyret	27.04.2015	013/15

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Kristian Nave	FE-410	13/161

## Vassområde Nordfjord - Ny prosjektplan 2016 - 2021

### Dokumentliste

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
5	I	24.09.2013	Vassområde Nordfjord	Statusrapport
6	I	03.12.2013	Vassområde Nordfjord	Tiltaksanalyse for Vassområde Nordfjord på høyring 03.12.2013 - 10.01.2014
7	I	14.01.2014	Vassområde Nordfjord	Høyringsinnspel - Tiltaksanalyse for Nordfjord
8	I	11.03.2014	Møre og Romsdal fylkeskommune	Vassforvaltning - tilbakemelding på gjennomføring av tiltak frå 1. planperiode 2010-2015
9	I	18.06.2014	Yri, Anders W. Asplan Viak	Kartlegging av tilførsler fra jordbruk i utvalgte vassdrag i Vassområde Nordfjord
10	I	22.01.2015	Staffan Hjohlman	Prosjektplan til politisk behandling i kommunane

### Vedlegg i saka

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
16.02.2015	Prosjektplan 2016-2021 Nordfjord vassområde.pdf	63112

### Saka gjeld

Vassområde Nordfjord har ei gjeldande prosjektplan for åra 2012 – 2015. Denne saka er ei vidareføring av arbeidet med vassforvaltning med basis i Vassforskrifta. Det er den andre av tre planperiodar fram til år 2033.

## Opplysningar til saka

Vassforskrifta er komen på plass som følgje av EU sitt vassdirektiv. Kravet er at alle vassforekomstar skal som hovudregel ha **minimum god økologisk og kjemisk tilstand**. Fylkeskommunen er ansvarleg for igangsetting og oppfølging av arbeidet i vassregionen (eige fylke). Kommunane har ansvaret for å leie arbeidet i vassområda.

I gjeldande planperiode har det vore gjennomført ein ganske omfattande kartlegging av tilstanden i vassforekomstane i Nordfjord. For nokre vassforekomstar er det leigd inn konsulentfirma som har undersøkt påverknad frå t.d. kloakkutslepp og landbruk. På bakgrunn av dette er det kome framlegg til tiltak.

Det er i prosjektplanen for neste periode semje i vassområda og vassregionen om at Sogn og Fjordane Fylkeskommune tilset prosjektleiar i 100 % fast stilling. Denne stillinga skal dekke Nordfjord og Sunnfjord vassområde. Det vil redusere kostnadane for kommunane i Nordfjord.

## Lover/regelverk

- Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vassforskrifta).

Utdrag frå § 22.(vannregionutvalg):

*Vannregionmyndigheten skal innenfor den enkelte vannregion opprette et vannregionutvalg under ledelse av vannregionmyndigheten. Vannregionutvalget skal være sammensatt av representanter for vannregionmyndigheten og øvrige fylkeskommuner, fylkesmannsembeter, samt andre berørte sektormyndigheter og kommuner. Representanter for berørte rettighetshavere og private og allmenne brukerinteresser skal være nært knyttet til vannregionutvalget gjennom en referansegruppe.*

- Forurensingsloven

- Vannressursloven

- Plan- og Bygningsloven

## Finansiering

Kostnadane i Vassområde Nordfjord har vore fordelt slik: fylkeskommune/fylkesmannen 50% og kommunane 50%. Selje kommune har betalt kr. 62.619,- kvart år sidan 2012.

Etter prosjektplanen 2016 - 2021 vert det no kr. 30.022,- pr. år for Selje kommune.

Fordelingsmodellen som er vedteken av vassområdeutvalet er 1/3 lik fordeling, 1/3 etter folketal og 1/3 etter areal.

Løyvinga må innarbeidast i økonomiplanen og leggast inn i budsjettet for Plan- og Utvikling, 13501 – 510 – 301 - prosjektnummer 1235, Vassområde Nordfjord.

## Sakshandsamar si vurdering

Kommunen er pålagt i forskrift å utgreie tiltak innanfor sitt ansvarsområde, samt å bidra til fastsetting av miljømål.

Prosjektet hjelper kommunen gjennom fasene i arbeidet etter vassforskrifta, mellom anna ved å hente inn data, gjennomføre miljøoveraking og halde oversikt over miljøtilstand og eventuell miljøpåverknad frå landbruk, avløp og andre kjelder, rapportere om status for gjennomføring av tiltak, samt å legge til rette for medverknad frå berørte partar, lag og organisasjonar.

Det er vurdert som uråd å gjennomføre dette prosjektet utan prosjektleiar og økonomisk drahjelp. Heile landet driv på med prosjektet parallelt og har same tidsfristar.

Berekraftig forvaltning av vassforekomstane i kommunen er viktig for innbyggjarane og no er det råd å gjennomføre dette på ein systematisk og «billeg» måte.

Kommunen sitt arbeid vil bestå av til dømes å forankre prosjektet lokalt, delta på synfaringar og møter, ha kontakt med grunneigarar/referansegruppe og skaffe ein del opplysningar.

Det vert vurdert som ei god løysing at ein dei komande åra har ein felles prosjektleiar i Sunnfjord og Nordfjord. Med fast stilling i fylkeskommunen kan bli ei meir stabil ordning og lågare kostnader enn dagens ordning.

### **Konklusjon**

Selje kommune deltek i arbeid og kostnader med Vassområde Nordfjord etter prosjektplanen for 2016 - 2021.

### **Saksgang**

Saka vert handsama i formannskapet og det vert gjort endeleg vedtak i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune deltek i arbeid og kostnader med Vassområde Nordfjord etter prosjektplanen for 2016 - 2021. Løyvinga vert då kr. 30.022,- pr. år for Selje kommune og skal innarbeidast i økonomiplanen og leggst inn i budsjettet for Plan- og Utvikling, 13501 – 510 – 301 - prosjektnummer 1235, Vassområde Nordfjord.

### **Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-019/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

### **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-013/15 VEDTAK**

Selje kommune deltek i arbeid og kostnader med Vassområde Nordfjord etter prosjektplanen for 2016 - 2021. Løyvinga vert då kr. 30.022,- pr. år for Selje kommune og skal innarbeidast i



økonomiplanen og leggst inn i budsjettet for Plan- og Utvikling, 13501 – 510 – 301 -  
prosjektnummer 1235, Vassområde Nordfjord.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

Vassområde Nordfjord v/Prosjektleder Staffan Hjohlman, Gloppen kommune, Grandavegen 9,  
6823 SANDANE

Økonomisjef Geir Kvisten, Selje kommune.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	27.04.2015	014/15

Sakshandsamar Ørnulf Lillestøl	Arkiv FE-020	Arkivsak 15/7
-----------------------------------	-----------------	------------------

## Årsmelding for Kontrollutvalet 2014

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	09.03.2015	Vest Kontrollutvalssekretariat	Kontrollutvalet sak 06/15 - Årsmelding for Kontrollutvalet 2014

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.03.2015	SE 01-15 SAK 06-15 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014 - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET.pdf	63916

### Opplysningar til saka

Viser til sak 06/15 i Kontrollutvalet sitt møte 05.03.15.

### Saksgang

Vedtak i Kommunestyret.

### TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET

Kommunestyret tek Kontrollutvalet si årsmelding for 2014 til etterretning.

### Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015

17 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå Kontrollutvalet fekk 17 røyster for. Samrøystes

**KS-014/15 VEDTAK**

Kommunestyret tek Kontrollutvalet si årsmelding for 2014 til etterretning.

Samrøystes.

Utskrift til:

Kontrollutvalet

Revisor



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	08.04.2015	016/15
Formannskapet	15.04.2015	027/15
Kommunestyret	27.04.2015	015/15

Sakshandsamar Åse Elin Hole	Arkiv FA-G00, TI-&23	Arkivsak 12/226
--------------------------------	-------------------------	--------------------

## Kommunal medfinansiering av samhandlingsprosjekt og felles ordninger mellom Helse Førde og kommunane - Samlesak

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
27	I	30.03.2015	Åse Elin Hole	vedlegg til sak

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
31.03.2015	brukerutval.docx	64578
31.03.2015	budsj.brukerutval.docx	64579

### Saka gjeld

Gjeld godkjenning av løpande kostnader for kommunen knytt til samhandlingsprosjekt mellom Helse Førde og kommunane og som tidlegare er akseptert gjennom vedtak i politiske organ i Selje kommune.

### Lover/regelverk

- Rammeavtale mellom Helse Førde og Stryn kommune
- Delavtale om kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling
- Delavtale om IKT-løysingar lokalt
- Delavtale om gjensidig hospiteringsordning

## Opplysningar til saka

Denne saksutgreiinga tek utgangspunkt i saksframstilling til saka tilsendt frå KS med oppmoding om politisk handsaming innan 01.04.15 etter føregåande handsaming i KS sitt rådmannsutval.

Kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde har etablert fleire felles prosjekt og ordningar for å utvikle samhandlinga og tenestene innanfor helse og omsorg. I høve til prosjekt er det m.a. løyvd midlar frå Helsedirektoratet til kommunane (v/vertskommunen Førde) som føreset ein tilsvarende kommunal eigendel. For nokre av desse tilskota er den kommunale eigendelen ikkje løyst.

I tillegg til dette har kommunane og Helse Førde etablert eit felles brukarutval (jfr Rammeavtalen sitt punkt 7 og konklusjon i koordineringsrådet 04.10.12). Etter fastsette retningsliner skal kommunane og Helse Førde dele kostnadene knytt til dette brukarutvalet.

Rådmannsutvalet i KS Sogn og Fjordane har gjort slikt vedtak i saken:

*«Kommunal medfinansiering av dei i saken omtalte samhandlingsprosjekt og felles ordningar vert sendt kommunane for vedtak i samsvar med tabellar innteken i saken, og med fordelingsnøkkel 25 % likt og 75 % etter folketal. Forpliking om gjennomføring av prosjekta følgjer av tidlegare vedtak, og finansieringa er såleis ei oppfølging av dette. Kommunane vert bedne om å behandle dette slik ein finn det føremålstenleg innan 1. april 2015.»*

Nedanfor er det gjort nærare greie for dei aktuelle prosjekta og ordninga med felles brukarutval.

### **Telemedisin Sogn og Fjordane.**

Kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde gjennomførte i 2011/2012 eit forprosjekt (fase 1) for å kartlegge og vurdere

- aktuelle bruksområde for telemedisin
- viktige føresetnader for å kunne ta i bruk telemedisinske verktøy på ein effektfull måte.

Alle kommunane gjorde i juni 2011 vedtak om å delta i prosjektet og løyve sin del av ein eigendel på 400 000 kr for den første fasen. Kostnaden for Selje kommune var på om lag kr 16 000,- og vart betalt i desember 2012.

I 2013/2014 vart det gjennomført eit hovudprosjekt (fase 2) der bruk av videokonferanse og telemedisinske løysingar vart prøvd ut innanfor nokre prioriterte område (m.a. hud/sår og akuttmedisin). Vidare er det tilrettelagt for breidning til alle kommunane og implementering av tenleg utstyr ved alle sjukeheimar og legekontor. Videoutstyr vil i stor utstrekning kunne nyttast ved rettleiing/opplæring, gjennomføring av møte, osv. Kommunale kostnader knytt til telemedisinprosjektet som kjem fram i denne saka, gjeld fase 2 av prosjektet.

Sogn og Fjordane er leiande i landssamanheng på dette området. Dette kan også vere naturleg ut frå fylket sin struktur når det gjeld spreidd busetnad og avstandar.

Prosjektet er finansiert gjennom fleire ulike finansieringskjelder. M.a. har kommunane i 2013 fått 500 000 i tilskot frå Helsedirektoratet. I høve til dette er det føresett ei tilsvarande kommunal finansiering. Dette har ikkje vorte følgd opp i høve til kommunane så langt. Denne kommunale eigenfinansieringa er lagt inn i budsjettet for fase 3 i prosjektet, som er godkjent av den felles styringsgruppa.

Tabell 1

Fordeling 25 % likt og 75 % etter folketal					
Deltakar	Innb.tal	Fordelt likt	Etter folketal	Sum	
Flora kommune	11 779	4 808	40 537	45 345	
Gulen kommune	2 315	4 808	7 967	12 775	
Sølund kommune	815	4 808	2 805	7 613	
Hyllestad kommune	1 391	4 808	4 787	9 595	
Høyanger kommune	4 183	4 808	14 396	19 204	
Vik kommune	2 688	4 808	9 251	14 059	
Balestrand kommune	1 306	4 808	4 495	9 303	
Leikanger kommune	2 268	4 808	7 805	12 613	
Sogndal kommune	7 623	4 808	26 234	31 042	
Aurland kommune	1 715	4 808	5 902	10 710	
Lærdal kommune	2 174	4 808	7 482	12 290	
Årdal kommune	5 496	4 808	18 914	23 722	
Luster kommune	5 089	4 808	17 514	22 322	
Askvoll kommune	3 011	4 808	10 362	15 170	
Fjaler kommune	2 853	4 808	9 819	14 627	
Gaular kommune	2 928	4 808	10 077	14 885	
Jølster kommune	3 070	4 808	10 565	15 373	
Førde kommune	12 685	4 808	43 655	48 463	
Naustdal kommune	2 776	4 808	9 554	14 362	
Bremanger kommune	3 950	4 808	13 594	18 402	
Vågsøy kommune	6 091	4 808	20 962	25 770	
Selje kommune	2 782	4 808	9 574	14 382	
Eid kommune	5 926	4 808	20 394	25 202	
Hornindal kommune	1 223	4 808	4 209	9 017	
Gloppen kommune	5 694	4 808	19 596	24 404	
Stryn kommune	7 134	4 808	24 551	29 359	
Sum finansiert av kommunane		125 000	375 000	500 000	
Arbeid, reise, møte m.v.				0	
Øvrige				0	
Eksterne tilskot				500 000	
Sum	108 965			1 000 000	

## Samhandlingsbarometeret

Spesialist- og kommunehelsetenesta skal samarbeide som likeverdige partar og utvikle tenestene basert på kunnskap. Dette må i større grad enn tidlegare vere tilgjengeleg og felles kunnskap. Det bør samarbeidast om å finne fram til data som er relevante og viktige, korleis dei kan tolkast, korleis dei skal samanstillast og tilgjengeleggjerast og korleis dei kan nyttast.

Prosjektet «Samhandlingsbarometeret» hadde i starten som føremål å få fram gode data for skilnader i tilvisingsrater og forbruk av spesialisthelsetenester. Men fokuset er etter kvart utvida til å omfatte andre data som ein ser som nyttig styringsinformasjon, m.a. annan statistikk i høve helse- og omsorgstenester, undersøkingar, forskingsresultat, omtale av prosjekt og samarbeidsavtalar.

Prosjektet er unikt i landssamanheng og Helsedirektoratet og andre helseføretak har vurdert dette som interessant og vurdere tilsvarande løysingar.

Så langt har prosjektet i hovudsak vore finansiert av Helse Vest/Helse Førde med i alt 2,270 mill. kr i 2010-2013.

Kommunane har i 2013 fått 500 000 i tilskot frå Helsedirektoratet. I høve til dette er det føresett ei tilsvarande kommunal finansiering. Dette har ikkje vorte følgd opp i høve til kommunane så langt.

Når det gjeld mogleg fordeling av denne eigendelen på kommunane, er det føresett at ein del av eigenfinansieringa kan dekkast ved kommunane sitt eige arbeid, deltaking på møte, reiseutgifter osv. Dette er fastsett til 125 000 kr, eller ca. 5 000 kr pr. kommune.

Tabell 2

Fordeling 25 % likt og 75 % etter folketal						
Deltakar		Innb.tal	Fordelt likt	Etter folketal	Sum	
Flora kommune		11 779	3 606	30 403	34 009	
Gulen kommune		2 315	3 606	5 975	9 581	
Sølund kommune		815	3 606	2 104	5 710	
Hyllestad kommune		1 391	3 606	3 590	7 196	
Høyanger kommune		4 183	3 606	10 797	14 403	
Vik kommune		2 688	3 606	6 938	10 544	
Balestrand kommune		1 306	3 606	3 371	6 977	
Leikanger kommune		2 268	3 606	5 854	9 460	
Sogndal kommune		7 623	3 606	19 676	23 282	
Aurland kommune		1 715	3 606	4 427	8 033	
Lærdal kommune		2 174	3 606	5 611	9 217	
Årdal kommune		5 496	3 606	14 186	17 792	
Luster kommune		5 089	3 606	13 135	16 741	
Askvoll kommune		3 011	3 606	7 772	11 378	
Fjaler kommune		2 853	3 606	7 364	10 970	
Gaular kommune		2 928	3 606	7 557	11 163	
Jølster kommune		3 070	3 606	7 924	11 530	
Førde kommune		12 685	3 606	32 741	36 347	
Naustdal kommune		2 776	3 606	7 165	10 771	
Bremanger kommune		3 950	3 606	10 195	13 801	
Vågsøy kommune		6 091	3 606	15 722	19 328	
Selje kommune		2 782	3 606	7 181	10 787	
Eid kommune		5 926	3 606	15 296	18 902	
Hornindal kommune		1 223	3 606	3 157	6 763	
Gloppen kommune		5 694	3 606	14 697	18 303	
Stryn kommune		7 134	3 606	18 414	22 020	
Sum finansiert av kommunane			93 750	281 250	375 000	
Arbeid, reise, møte m.v.					125 000	
Øvrige					0	
Eksterne tilskot					500 000	
Sum		108 965			1 000 000	

### Gjensidig hospiteringsordning

Å få til god samhandling og god kvalitet i ei samhengande behandlingkjede føreset aktørar i helsevesenet som kjenner til kvarandre. Leiarar og fagfolk i spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta må vite om kvarandre sine oppgåver og rutinar for å forstå heilskapen og gjennom det vere i stand til å samhandle og utvikle kvaliteten.

Partane har sett behovet for å etablere ei systematisk gjensidig ordning for hospitering for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar og tilsvarande fagpersonale. I tillegg til at dette kan gje verdifull fagleg innsikt og kompetanseutvikling, ser ein at dette kan ha ein positiv kultur-skapande effekt.

Det har i 2012-2013 vore gjennomført eit felles prosjekt for å utvikle ei hospiteringsordning og eit framlegg til eigen samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane. Dette prosjektet er finansiert.

I samband med godkjenning av sluttrapporten av prosjektet har partane vore samde om at Helse Førde og kommunane deler kostnadene med ei 10 % koordinatorstilling. Dette er stipulert til ca 90 000 kr, med 45 00 kr på kvar av partane, og fordelinga mellom kommunane er tilrådd å vere 25 % likt og 75 % etter folketal.

Tabell 3

Fordeling 25 % likt og 75 % etter folketal					
Deltakar	Innb.tal	Fordelt likt	Etter folketal	Sum	
Flora kommune	11 779	433	3 648	4 081	
Gulen kommune	2 315	433	717	1 150	
Sølund kommune	815	433	252	685	
Hyllestad kommune	1 391	433	431	864	
Høyanger kommune	4 183	433	1 296	1 729	
Vik kommune	2 688	433	833	1 266	
Balestrand kommune	1 306	433	405	838	
Leikanger kommune	2 268	433	702	1 135	
Sogndal kommune	7 623	433	2 361	2 794	
Aurland kommune	1 715	433	531	964	
Lærdal kommune	2 174	433	673	1 106	
Årdal kommune	5 496	433	1 702	2 135	
Luster kommune	5 089	433	1 576	2 009	
Askvoll kommune	3 011	433	933	1 366	
Fjaler kommune	2 853	433	884	1 317	
Gaular kommune	2 928	433	907	1 340	
Jølster kommune	3 070	433	951	1 384	
Førde kommune	12 685	433	3 929	4 362	
Naustdal kommune	2 776	433	860	1 293	
Bremanger kommune	3 950	433	1 223	1 656	
Vågsøy kommune	6 091	433	1 887	2 320	
Selje kommune	2 782	433	862	1 295	
Eid kommune	5 926	433	1 835	2 268	
Hornindal kommune	1 223	433	379	812	
Gloppen kommune	5 694	433	1 764	2 197	
Stryn kommune	7 134	433	2 210	2 643	
Sum finansiert av kommunane		11 250	33 750	45 000	
Arbeid, reise, møte m.v.				0	
Øvrige				0	
Eksterne tilskot				0	
Sum	108 965			45 000	

### Brukarutvalet i Sogn og Fjordane

Kommunane og Helse Førde har med verknad frå 01.01.13 etablert eit felles brukarutval. Dette er i tråd med intensjonane i samhandlingsreforma, sentrale føringar og går også fram av Rammeavtalen mellom Helse Førde og kommunane. Partane skal etter fastsette retningsliner dekke 50 % kvar av kostnadene med det felles brukarutvalet. KS skal avklare korleis kostnadene skal fordelast mellom kommunane.

Eit samla budsjett for brukarutvalet for 2015 er førebels stipulert til 175 000 kr. Budsjettet skal etter retningslinene godkjennast av koordineringsrådet.



Tabell 4:

Fordeling 25 % likt og 75 % etter folketal					
Deltakar		Innb.tal	Fordelt likt	Etter folketal	Sum
Flora kommune		11 779	841	7 094	7 935
Gulen kommune		2 315	841	1 394	2 235
Solund kommune		815	841	491	1 332
Hyllestad kommune		1 391	841	838	1 679
Høyanger kommune		4 183	841	2 519	3 360
Vik kommune		2 688	841	1 619	2 460
Balestrand kommune		1 306	841	787	1 628
Leikanger kommune		2 268	841	1 366	2 207
Sogndal kommune		7 623	841	4 591	5 432
Aurland kommune		1 715	841	1 033	1 874
Lærdal kommune		2 174	841	1 309	2 150
Årdal kommune		5 496	841	3 310	4 151
Luster kommune		5 089	841	3 065	3 906
Askvoll kommune		3 011	841	1 813	2 654
Fjaler kommune		2 853	841	1 718	2 559
Gaular kommune		2 928	841	1 763	2 604
Jølster kommune		3 070	841	1 849	2 690
Førde kommune		12 685	841	7 640	8 481
Naustdal kommune		2 776	841	1 672	2 513
Bremanger kommune		3 950	841	2 379	3 220
Vågsøy kommune		6 091	841	3 668	4 509
Selje kommune		2 782	841	1 675	2 516
Eid kommune		5 926	841	3 569	4 410
Hornindal kommune		1 223	841	737	1 578
Gloppen kommune		5 694	841	3 429	4 270
Stryn kommune		7 134	841	4 297	5 138
Sum finansiert av kommunane			21 875	65 625	87 500
Arbeid, reise, møte m.v.					0
Øvrige					0
Eksterne tilskot					0
Sum		108 965			87 500

## Samanstilling

Dei samla kostnadene for dei enkelte kommunane ut frå dei ulike alternativa er oppsummert i tabellen nedanfor.

Tabell 5

Deltakar	Innb.tal	25/75
Flora kommune	11779	91370
Gulen kommune	2315	25742
Solund kommune	815	15340
Hyllestad kommune	1391	19334
Høyanger kommune	4183	38695
Vik kommune	2688	28328
Balestrand kommune	1306	18745
Leikanger kommune	2268	25416
Sogndal kommune	7623	62550
Aurland kommune	1715	21581
Lærdal kommune	2174	24764
Årdal kommune	5496	47800
Luster kommune	5089	44978
Askvoll kommune	3011	30568
Fjaler kommune	2853	29472
Gaular kommune	2928	29992
Jølster kommune	3070	30977
Førde kommune	12685	97653
Naustdal kommune	2776	28938
Bremanger kommune	3950	37080
Vågsøy kommune	6091	51926
Selje kommune	2782	28980
Eid kommune	5926	50782
Hornindal kommune	1223	18169
Gloppen kommune	5694	49173
Stryn kommune	7134	59159
SUM	108965	1007513

## Finansiering

Viser til tilråding.

## Sakshandsamar si vurdering

Sogn og Fjordane har klart å samle seg om nokre prosjekt og ordningar som vert vurdert å vere viktige for å utvikle tenestene og samhandlinga innan helse og omsorg. I høve til utviklingsprosjekta omtalt i denne saka har ein fått vesentlege eksterne tilskotsmidlar.

Helse Førde/Helse Vest og andre aktørar si medfinansiering går fram av planane og retningslinene for prosjekta og det felles brukarutvalet. Det som no står att og som det er viktig å følgje opp, er kommunane si eigenfinansiering i tilknytning til tilskot frå Helsedirektoratet og medfinansieringa av brukarutvalet.

Kostnaden for Selje kommune ved Telemedisinprosjektet fase 2 på kr. 14 382,- er ein eingongskostnad, det same gjeld utgift på kr. 10 787,- til prosjekt samhandlingsbarometer.

Når det gjeld samhandlingsbarometeret, har ikkje alle kommunane i fylket gjort positive vedtak om å delta vidare etter prosjektperioden, - noko av forklaringa er truleg at ein del av samhandlingsstatistikken ikkje omfattar tal i høve spesialisthelsetenesta i nabofylke. Avhengig av bidrag frå andre aktuelle samarbeidspartar og kva som vil vere endeleg driftsbudsjett, må dei kommunane som vil delta, pårekne nokre årlege kostnader til drift. Då Selje kommunestyre gjorde positivt vedtak i 2013, var årskostnaden kalkulert til kr 8 977,-

Kva som skjer i høve kommunane vidare er uavklart, men saka bør uansett takast opp til ny politisk avklaring dersom det vert vesentlege avvik i høve dei føresetnadene som låg til grunn for handsaming i 2013.

Kostnad til administrering av gjensidig hospitering på kr. 1 295,- og kostnad ved felles brukarutval på kr. 2 516,-, vil vere ei løpande årleg utgift f.o.m. 2015.

Selje kommune har tidlegare fatta vedtak om å slutte seg til alle dei 4 prosjekta / samarbeidstiltaka.

Det er skjedd endringar etter budsjettvedtak i desember 2014, som gjer at kostnadene kan bli dekkja innafør driftsbudsjettet til sektoren i 2015.

### **Saksgang**

Driftsutvalet, Formannskapet og endeleg handsaming i Kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune vil i 2015 betale sin del i medfinansiering av dei to samhandlingsprosjekta:

- Telemedisin med kr 14 382,-
- Samhandlingsbarometeret med kr. 10 787,-

Dette som følgje av tidlegare vedtak om deltaking i prosjekta.

I tillegg vil Selje kommune ta sin del av årlege driftsutgifter f.o.m. 2015 knytt til fellesfinansiering av :

- Administrasjon av gjensidig hospiteringsordning med kr. 1 295,-
- Kostnader knytt til felles brukarutval med kr. 2 516,-

Budsjettmessige konsekvensar for 2015 og finansiert over  
Ansvar 410, teneste 120, art 13000/14000

## **Handsaming i Driftsutvalet - 08.04.2015**

6 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

### **KU-016/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen..

## **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-027/15 FRAMLEGG**

Som tilråding frå administrasjonen.

## **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-015/15 VEDTAK**

Selje kommune vil i 2015 betale sin del i medfinansiering av dei to samhandlingsprosjekta:

- Telemedisin med kr 14 382,-
- Samhandlingsbarometeret med kr. 10 787,-

Dette som følgje av tidlegare vedtak om deltaking i prosjekta.

I tillegg vil Selje kommune ta sin del av årlege driftsutgifter f.o.m. 2015 knytt til fellesfinansiering av :

- Administrasjon av gjensidig hospiteringsordning med kr. 1 295,-
- Kostnader knytt til felles brukarutval med kr. 2 516,-

Budsjettmessige konsekvensar for 2015 og finansiert over  
Ansvar 410, teneste 120, art 13000/14000

Samrøystes.

Utskrift til:  
Helse Førde  
Økonomisjef  
Revisor



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	08.04.2015	015/15
Formannskapet	15.04.2015	028/15
Kommunestyret	27.04.2015	016/15

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Åse Elin Hole	FA-G00	15/130

## **Rutinar for sakshandsaming av felles samarbeidsavtaler, ordningar og prosjekt innan helseområdet og tilhøyrande finansiering**

### **Dokumentliste**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
1	I	16.01.2015	KS Sogn og Fjordane	Kommunal medfinansiering av samhandlingsprosjekt og felles ordningar + Rutinar for sakshandsaming av felles samarbeidsavtaler, ordningar og prosjekt innan helseområdet og tilhøyrande finansiering

### **Vedlegg i saka:**

Skriv av 24.10.1

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
31.03.2015	247905_1_P.docx	64574

4 av frå kommunalsjefnettverket for helse-, sosial og omsorg i Nordfjord om trongen for ei felles samhandlingsstilling knytt til helse-og omsorg i kommunane

### **Ikkje vedlagt:**

- Oversending frå KS den 16.01.15, Saksutgreiing til denne saka
- Sak til politisk handsaming i februar 2015 om : Kommunal medfinansiering av samhandlingsprosjekt og felles ordningar.

## **Saka gjeld:**

Kommunen si haldning til framlegg oversendt frå rådmannsutvalet i KS for å sikre finansiering, forankring og forenkla sakshandsaming med meir knytt til igangsetting av nye samarbeidsprosjekt.

## **Bakgrunn for saka:**

KS/rådmannsutvalet i Sogn og Fjordane har(16.02.2015) sendt ut to saksframlegg til kommunane, denne saka og sak om Kommunal medfinansiering av samhandlingsprosjekt og felles ordningar:

«Vi ber om at desse sakene vert handsama i den enkelte kommunen innan 01.04.2015, og at saksdokument med vedtak vert meldt tilbake hit etter ferdig behandling i kommunen».

Kommunalsjefsnettverket for helse – og omsorgstenestene i Nordfjord drøfta saka i møte den 23.01.2015, og har utarbeidd ei felles saksutgreiing<sup>7</sup> – framlegg til politisk sakshandsaming i kvar kommune.

## **Opplysningar til saka:**

Denne saka tek utgangspunkt i saksframlegg som KS har sendt ut etter handsaming i rådmannsutvalet. Kommunane vert oppmoda om å ta stilling til saka gjennom politiske vedtak innan 01.04.15.

Kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde har etablert ei rekkje felles prosjekt og ordningar for å utvikle tenestene innanfor helseområdet. Dette må seiast å vere ein svært positiv måte i fellesskap å drive tenesteutvikling på til beste for den enkelte kommune og fylket samla. Men det betyr også ei økonomisk forplikting for kommunane, i tillegg til tilskot frå til dømes Helsedirektoratet, Helse Vest og Helse Førde, jfr. kva som går fram av anna sak om kommunal medfinansiering, som vert handsama parallelt med denne.

Det er ønskje om ei betre forankring i kommunane av prosjekt m.v. som er planlagt igangsett, -i denne saka er det framlegg til korleis dette kan gjerast. Samstundes ligg det i saka eit framlegg til finansierungsordning når vedtak om igangsetting av prosjekt m.v. er gjort. Dette inneber oppretting av eit fond på 1 mill.kr.

Rådmannsutvalet i KS Sogn og Fjordane har gjort slikt vedtak i saka:

*«Det i saken skisserte opplegg for felles prosess og finansiering av samhandlingsprosjekt sendast kommunane som ein «saksmal» kommunane kan nytte i si behandling, der ein kan gi innspel til det som er foreslått, både når det gjeld rutinar for sakshandsaming og finansiering – herunder om det er ønskeleg med etablering av eit slikt fond, og i så fall også forslag om kostnadsdeling»*

Erfaringa syner at det er vanskeleg å legge opp til ei sakshandsaming som er effektiv med omsyn til tid og ressursar og som samstundes tek i vare omsynet til kvar enkelt kommune

både politisk og administrativ. Framlegget til prosedyre slik det går fram av denne saka vil ta noko tid å gjennomføre, men tidsperspektivet bør likevel ikkje vere lengre enn eit halvt år.

Forslaget gjeld avtaler, prosjektmandat, finansiering mm. Når det gjeld finansiering kjem ein tilbake til to forenkla alternativ nedanfor.

1. Prosjekteigar sender ut orientering om prosjektet. Dette vert handsama i aktuelt kommunalsjefnettverk, regionale rådmannsnettverk og i regionråda. Desse gir tilbakemeldingar til prosjekteigar. Målet med denne runden er å få informert politisk og administrativ leiing i kommunane og setje i gong lokale prosessar. Det er også eit mål å få dei første tilbakemeldingane på eventuelle endringar og justeringar.
2. På bakgrunn av dei første tilbakemeldingane lagar prosjekteigar til eit høyringsutkast som vert sendt til politisk handsaming i kommunane. Kommunane styrar sjølve lokal politisk saksang. Målet med denne runden er å få tilbakemeldingar på kva omsyn som er viktig for kvar enkelt kommune og korleis ein på best måte kan gjere endringar og justeringar for å kome desse omsyna i møte.
3. Etter høyringa lagar prosjekteigar til eit endeleg framlegg. Dette framlegget vert sendt til politisk handsaming i kommunane. I denne runden vil det i utgangspunktet ikkje vere mogeleg å gjere endringar i framlegg til vedtak, men kommunane kan sjølvstøtt røyste i mot. Målet i denne runden er å få likelydande positive vedtak i alle kommunane.

Skal ein få til samarbeid er det viktig med likelydande vedtak i alle kommunar. Difor er forankringsprosessen i trinn 1 og 2 avgjerande. Om det ikkje vert gjort ein god jobb her vil ein kunne risikere at heile prosessen tek mykje lengre tid.

### **Økonomiske konsekvensar:**

#### Finansiering

Det er mogeleg å sjå føre seg tre ulike alternativ. Kva alternativ som vert å nytte, vil avhenge av type prosjekt og storleik på prosjektet.

1. Finansieringa vert handsama som omtala ovanfor. (Rutinar for sakshandsaming.)  
Det vert i utgangspunktet lagt opp til ein kostnadsdeling med 25 % pr. kommune og 75 % pr. innbyggjar. I nokre tilfelle vil andre modeller kunne bli tilrådd.
2. Det vert etablert et fond på inntil kr. 1.000.000.  
Kommunane finansierar fondet med inntil kr. 500.000 pr år. (Ca kr 5 pr innbyggjar).  
Fylkesstyret i KS gjer vedtak om bruk av fondet.  
Fondet kan brukast når kommunal del av eit prosjekt utgjer inntil kr 300.000,-.  
Fondet kan ikkje brukast til driftsprosjekt som treng finansiering over fleire år.
3. Utviklingsmidlar Fylkesmannen.  
I den grad det er muleg å nytte utviklingsmidlar frå Fylkesmannen til fellesprosjekt for heile fylket, vil desse inngå som delfinansiering av slike prosjekt.

Om denne måten å samordne seg på let seg gjere, vil det kunne gi ein langt enklare måte å handtere deltaking i slike samarbeidsprosjekt på.



KS ber kommunane kome med kommentarar til dei føreslegne rutinane for sakshandsaming, finansiering m.m.

Med i vurdering av denne saka, er det naturleg å ta med seg det innspelet som kommunalsjefnettverket i Nordfjord har kome med når det gjeld trongen for oppretting av ei felles samhandlingsstilling for kommunane for ivaretaking og oppfølging av felles oppgåver knytt til helse-og omsorg, jfr. vedlegg.

Rådmannsgruppa i Nordfjord støtta framlegget i skriv til KS Sogn og Fjordane og rådmannsutvalet i KS er positive, men ser utfordringar med finansiering fordi det må vere eit spleiselag mellom kommunane, med ein vertskommune som arbeidsgjevar, ikkje ei KS-stilling.

### **Lover/regelverk**

- Lov om kommunale helse-og omsorgstenester
- Rammeavtale mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane
- Diverse delavtaler mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

### **Sakshandsamar si vurdering**

Den skisserte prosedyra for handsaming av aktuelle samhandlingsprosjekt synest fornuftig, det må bli omstendelige prosessar når 26 kommunar er involverte. Ein føresetnad er at det vert gjeve konkrete tilbakemeldingar i trinn 1 og at det vert gjort tydelege politiske vedtak i trinn 2. Litt avhengig av tidspunkt for første initiativet, kan det halde hardt med gjennomføring i løpet av eit halvt år. Regionråd/nettverk har gjerne møte ein gong pr mnd og møtehyppigheit i politiske organ er mindre enn tidlegare, med lengst opphald knytt til sommar og årsskiftet.

Når det gjeld finansiering så vert det vurdert slik, at det dei siste åra har vore så stor aktivitet på store prosjekt, at det bør vere tid for å roe ned aktiviteten med nye omfattande og kostnadskrevjande prosjekt for ein periode.

Dvs. at det bør vere tilstrekkeleg å ta stilling til finansiering samstundes som evt. prosjekt vert sakshandsama. For å unngå å handsame same prosjektet fleire gongar, er det viktig at det vert sett ei samla råde for prosjekt som er tenkt inndelt i fleire fasar, sjølv om berre kostnaden i første fase er kjend.

Til orientering vil Selje kommune si årlege utgift til eit prosjektfond slik som skissert i punkt 2, utgjere ca kr. 14 000 pr år.

Framfor å forplikte seg til etablering av eit fond på 1 mill.kr, med årleg bidrag frå kommunane på 0,5 mill.kr, bør det bli sikra midlar til ei interkommunal samordningsstilling innafor helse, omsorg og folkehelse. Ei slik stilling vil vere viktig både for initiativ på vegne av kommunane, for planlegging, tilrettelegging og oppfølging av alle typar samhandlingsprosjekt. Stillinga vil på dette området, kunne representere ei meir likeverdig og samordna kommunerolle i høve spesialisthelsetenesta og andre samhandlingsaktørar, enn det som er tilfellet i dag. Stillinga vil og kunne sikre naudsynt oppfølging og arbeid med implementering i kommunane.

### **Saksgang**

Kommunestyret gjere endeleg vedtak i saka.

#### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune har følgjande kommentarar til dei føreslegne rutinar for sakshandsaming og finansiering av felles samarbeidsavtaler, ordningar og samhandlingsprosjekt innan helseområdet og tilhøyrande finansiering:

1. Dei skisserte retningslinene for handsaming av aktuelle samhandlingsprosjekt vert støtta. Ein føresetnad er at det vert gjeve konkrete tilbakemeldingar i trinn 1 og at det vert gjort tydelege politiske vedtak i trinn 2 slik at det er godt fundament for samrøystes vedtak i trinn 3.
2. Når det gjeld finansiering vert det gjeve støtte til alternativ 1, evt. i kombinasjon med alternativ 3. Dvs. at vedtak om deltaking i finansiering følgjer sakshandsaming av prosjektet med kostnadsdeling 25 % likt og 75 % etter folketal som hovudregel, evt. etter fråtrekk av tilskotsmidlar frå fylkesmannen eller andre.
3. For prosjekt som er forventa og verte inndelt i fleire fasar, vert det viktig å få fram ei samla kostnadsramme for kommunale bidrag ved politisk handsaming av spørsmålet om prosjektdeltaking.
4. Framlegget om oppretting av eit prosjektfond med årlege bidrag frå kommunane på 0,5 mil.kr. vert ikkje støtta av Selje kommune.  
Jfr. trong for å lande dei mange prosjekta som kommunane alt er involverte i før det vert sett i gang nye, ressurskrevjande prosjekt.
5. Etablering av ei interkommunal samhandlingsstilling for kommunesektoren vil ha prioritet framfor oppretting av eit prosjektfond.

#### **Handsaming i Driftsutvalet - 08.04.2015**

6 voterande

#### **Fellesframlegg frå KRF, TP, H, FRP:**

Det vert ikkje fatta vedtak i saka. Driftsutvalet ber om meir informasjon i saka før vedtak vert fatta i Kommunestyret.

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for. Samrøystes  
Fellesframlegg frå KRF, TP, H, FRP fekk 6 røyster for. Samrøystes.

#### **KU-015/15 FRAMLEGG**

Det vert ikkje fatta vedtak i saka. Driftsutvalet ber om meir informasjon i saka før vedtak vert fatta i Kommunestyret.

## **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes

### **FS-028/15 FRAMLEGG**

Som tilråding frå administrasjonen.

## **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-016/15 VEDTAK**

Selje kommune har følgjande kommentarar til dei føreslegne rutinar for sakshandsaming og finansiering av felles samarbeidsavtaler, ordningar og samhandlingsprosjekt innan helseområdet og tilhøyrande finansiering:

1. Dei skisserte retningslinene for handsaming av aktuelle samhandlingsprosjekt vert støtta. Ein føresetnad er at det vert gjeve konkrete tilbakemeldingar i trinn 1 og at det vert gjort tydelege politiske vedtak i trinn 2 slik at det er godt fundament for samrøystes vedtak i trinn 3.
2. Når det gjeld finansiering vert det gjeve støtte til alternativ 1, evt. i kombinasjon med alternativ 3. Dvs. at vedtak om deltaking i finansiering følgjer sakshandsaming av prosjektet med kostnadsdeling 25 % likt og 75 % etter folketal som hovudregel, evt. etter fråtrekk av tilskotsmidlar frå fylkesmannen eller andre.
3. For prosjekt som er forventa og verte inndelt i fleire fasar, vert det viktig å få fram ei samla kostnadsramme for kommunale bidrag ved politisk handsaming av spørsmålet om prosjektdeltaking.
4. Framlegget om oppretting av eit prosjektfond med årlege bidrag frå kommunane på 0,5 mil.kr. vert ikkje støtta av Selje kommune.  
Jfr. trong for å lande dei mange prosjekta som kommunane alt er involverte i før det vert sett i gang nye, ressurskrevjande prosjekt.
5. Etablering av ei interkommunal samhandlingsstilling for kommunesektoren vil ha prioritet framfor oppretting av eit prosjektfond.

Samrøystes.

Utskrift til:  
KS Sogn og Fjordane



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	18.03.2015	018/15
Driftsutvalet	08.04.2015	018/15
Eldrerådet	09.04.2015	004/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.04.2015	004/15
Formannskapet	15.04.2015	026/15
Kommunestyret	27.04.2015	017/15

<b>Sakshandsamar</b> Ørnulf Lillestøl	<b>Arkiv</b> FE-614	<b>Arkivsak</b> 12/1117
--	------------------------	----------------------------

## Legekantor på Stadlandet

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	26.10.2012	Dragebygg AS; Bygger`n Selje; Nordvestvinduet; Bygg og byggvarer AS; XL-BYGG Måløy	Prisførespurnad dører og vindauger
2	I	28.04.2013	Stadlandet VVS AS	Tilbud varmtvannsberedarar
3	I	28.07.2014	Dragebygg AS	Tilbod på oppgradering av Stadlandet legekantor
4	I	05.11.2014	Gunn Sande	Teikning - Forslag til enkel ombygging og forbedring av Stadlandet legekantor
7	I	09.03.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Rekneark revisjon 3 - Stadlandet legekantor
8	I	13.03.2015	Selje eldreråd v/Johan Kroken	Vedk. F-sak 018/15 Legekantor på Stadlandet
9	I	17.03.2015	Stadlandet bedriftsforening	Vedk. sak FS 018/15 - Legekantor på Stadlandet
10	I	18.03.2015	Helsesekretærene på legekantora	Presisering vedk. sak FS 078/14

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.03.2015	Budsjett oppgradering rev 3 -Stadlandet Legekantor -	63928

	03032015.xlsx	
14.04.2014	Nedlegging Stadlandet legekantor	54959
04.12.2014	61173_1_P (Lagret automatisk).doc	61177

## Saka gjeld

Sidan legekantoret på Stadlandet vart mellombels stengt sumaren 2014, har det vore arbeidd med å klarleggje kva utbetringar som må gjennomførast for å kunne gjenopne kantoret. Kommunestyret har i sak 078/14.. vedteke;

### **KS-VEDTAK**

*Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike at sak 15/14 «Evaluering av eitt legekantor i Selje kommune» ikkje er tilfredsstillande saksutgreidd.*

*M.a. er fleire av innspela i saka ikkje vurdert.*

*Råda vil difor tilrå at prøveperioden vert utvida til 29.03.15, veke 13/2015.*

*Saka vert difor å ta opp att i god tid før prøveperioden er ute, slik at kantoret eventuelt kan opnast 01.04.15.*

*Saka vert difor å ta opp igjen i kommunestyret i februar, slik at kantoret eventuelt kan opnast 01.04.15.*

Administrasjonen er no litt på etterskot (eit kommunestyremøte) når saka no vert førebudd for handsaming i kommunestyret i april. Dette har si årsak i skifte av rådmann og ynskje om å kunne gå inn i saka med grunnlag for evt ny vurdering og tilråding. Rådmannen ynskjer at denne saka no vert handsama i formannskapet i mars, slik at evt innspel derifrå kan innarbeidast i sak til kommunestyret.

## Opplysningar til saka

Saka er relativt grundig utgreidd med tanke på å opne eit legekantor som stettar dagens krav til arbeidsmiljø og pasientsikkerheit. Dette er framlagt kommunestyret tidlegare bl.a i ksak 078/14 om evaluering av eit legekantor i kommunen. Tilsette og legane er relativt samstemte i at det vil vere ein fordel å drive legeteneste frå eit kontor i kommunen. Administrasjonen og rådmannen er tydeleg på at det å drive ei robust legeteneste er utfordrande i mindre kommunar som Selje. Det å drive legeteneste frå to kontor vil svekke fagmiljø, beredskap og derved kvalitet for alle pasientane.

Problemstillinga vert aktualisert no ved at kantoret på Stadt treng utbetringar. Det er gjennomført fleire vurderingar om kva krav vi må sette til fysisk utforming av eit legekantor. Rådmannen har vurdert utgreiingane av behov for utbetringar av kantoret. Desse er grundige og vil støtte krav sett til arbeidsmiljø og pasientsikkerheit.

## Love/regelverk

Aml kap 4

Forskrift om offentlige anskaffelser

Fvl spesielt § 13

Helsepersonellova spesielt § 21

Diskriminerings og likestillingslova (tilgjenge)

## **Finansiering**

Kommunestyret må utfrå eigen prioritering handsame sak om prioritering innanfor totalbudsjettet for finansiering av ombygging/utbetring.

## **Sakshandsamar si vurdering**

Saka er utfordrande for rådmannen. Utfordringane er ikkje spesielt knytta til spørsmålet om å ha legekontor på Stadtlandet, men usemje og usikkerheit knytt til kostnader ved å utbetre kontoret. I berekningane administrasjonen tidlegare har utarbeida kjem det fram eit kostnadsnivå på kring 1,5 mill for å utbetre kontoret til akseptabel standard. Andre har rekna på det same og presenterer kostnader som ligg langt lågare.

Rådmannen vurderer behov for utbetringar etter fylgjande prioritet;

Må – utbetringar

1. Sikring av teieplikt etter fvl og helsepersonellova
2. Sikring av tilgjenge etter diskriminerings og likestillingslova
3. Sikring av minimumskrav etter arbeidsmiljølova (varme, lys, ventilasjon, sikkerheit)
4. Hygiene (rein/urein sone, kjøkken/spiserom, lab mv)

Bør – utbetringar

5. Skifte varmelegg (høge driftskostnader i eksisterande)
6. Generell oppussing (golvbelegg, maling osv)
7. Funksjonalitet utover krav i må utbetringar
8. Etablering av tilkomst/areal til akuttberedskap/daglegevakt

Må- utbetringane fylgjer direkte av lovgjevinga. Vi kan ikkje drive eit legekontor utan at tilsette er trygg på at pasientar og/eller dei sjølv har kontroll på informasjon som vert formidla på kontoret. Dette betyr at alle kontor og areal pasientar oppheld seg saman med helsepersonell må vere lydsikra. Det betyr også at alle informasjon må oppbevarast sikkert.

Diskriminerings og likestillingslova seier «så langt det er muleg» om tilgjenge og tilrettelegging. I dette tilfellet er det muleg, og det vil medføre utbetringar av tilkomst og storleik på rom/korridorar og wc.

Arbeidsmiljølova skisserer ei rekkje krav til det fysiske arbeidsmiljøet. I kontakt med arbeidstilsynet er situasjonen med gjenopning av eit kontor som har vore i drift drøfta. På bakgrunn av desse drøftingane er punkta 3 og 4 sett under «må» utbetringar over.

I tidlegare utgreiingar er ein del krav og areal knytta til øh – funksjonar ved å leggje daglegevakt til areala. Pga kostnader ved å gje dette tilbodet her, er dette flytta ned på prioriteringslista. For å unngå kostnader til dette, vil lege i arbeid ved dette kontoret ikkje ha legevakt. Vi vil då også ikkje ha tilsvarande behov for å ha to legar i arbeid ved kontoret.

I forskrift om offentlege anskaffelser er framgangsmåte ved bla bygge og utbedringsarbeider omtalt. Det er her ulike terskelverdier som gir ulike krav til framgangsmåte. Til grunn for val av framgangsmåte ligg då eit anslag av kostnader ved arbeidet. Dette anslaget er kalkulert i tidlegare saksutgreiing. Investeringskostnader til ulike delar ligg ved denne saka. Etter førebels ny kalkulasjon for å stette lovmessige krav samt å ta ut legevakttilbod her, vil storleik kostnader vere om lag ein million Etter forskrifta vil det krevje innhenting av pristilbod frå minimum tre godkjendte leverandørar og offentleggjering i Doffin.

Rådmannen oppfatter at kommunestyret har eit sterkt ynskje om å gjenopne legekantoret på Stadt. Før det kan skje må kantoret utbetrast.

### **Framdrift**

1. Kommunestyret vurderer saka på ny. I denne vurderinga må kommunestyret ta stilling til faktisk gjennomføring av prosjektet.
2. Dersom kommunestyret vedtek å gjennomføre utbetringar med tanke på gjenopning, førebur administrasjonen ein kravspesifikasjon som inneheldt utbetringar slik at lovmessige krav vert stetta.
3. Det vert innhenta anbod/arbeidet vert lagt ut for konkurranse etter reglane i Forskrift for offentlige anskaffelser (FOR-2006-04-07-402)
4. Når prisar er innhenta vert desse handsama på ordinær måte etter forskrifta. Før det vert inngått kontrakt på arbeidet må kommunestyret sikre finansiering. Dette må handsamast som del av arbeidet med budsjettrevisjon.

### **Konklusjon**

Formannskapet vurderer saka på grunnlag av nye opplysningar og gjev administrasjonen innspel i høve vidare utgreiing. Kommunestyret i april må ta stilling til om arbeid med anbudsgrunnlag/innhenting av prisar skal gjennomførast.

### **Saksgang**

Formannskap 18. mars og 15. april. Kommunestyre 27. april.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

.....

### **Handsaming i Formannskapet - 18.03.2015**

7 voterande

E-post, dat. 16.03.15, m/vedlegg frå Stadlandet Bedriftsforening vart lagt fram i møtet.

### **Saksgang - endring**

Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal handsame /gje uttale i avtalt nytt møte 09.04.15

Formannskapet 15.04.15

Kommunestyret 27.04.15

### **Framlegg frå ordførar**

Saka vart drøfta. Formannskapet gav innspel til vidare utgreiing.

### **Røysting**

Framlegg frå ordførar fekk 7 røyster for. Samrøystes.



## **FS-018/15 FRAMLEGG**

Saka vart drøfta. Formannskapet gav innspel til vidare utgreiing.

---

### **Innspel etter formannskapsmøte 18. mars.**

#### **Prinsipp ved å leggje prosjektet ut på anbud.**

Formannskapet retta spørsmål om det er muleg å dele opp prosjektet slik at det vert betre tilpassa ynskje om å kunne bidra med dugnad/gåver mv. Eksempelvis ved å ta ut delar av fast inventar (kjøkken). Forskrifta er tydlege på at prosjekt ikkje skal delast opp for å redusere omfanget. Eit anna spørsmål var korleis eit anbud som baserer seg på delvis dugnad dvs ubetalt arbeidskraft vil verte vurdert samanhalde med andre anbud.

Vi har her samråda oss med jurist på feltet. Det grunnleggjande prinsippet er at konkurransegrunnlaget skal vere likt for alle potensielle anbydarar. Det vert fråråda å ta inn dugnad eller uløna arbeidskraft. Byggherre har ansvar for å sikre at HMS regelverk, lønnsvilkår osv stettar forskriftene sine krav. Dersom dette vert oppfatta som sosial dumping vil det uansett vere ulovleg. Dette kan vere tilfelle når ulike firma kan verte utkonkurrert (delvis) av uløna arbeidskraft.

#### **Finansiering**

Eit anna av spørsmåla formannskapet ynskta utgreidd var finansiering av utbetringane. Dette er eit vanskeleg tema slik den økonomiske situasjonen no er. Dersom dette skal la seg gjere må det vurderast som ein del av budsjettrevisjon i juni møtet i kommunestyret. Spørsmål om låneopptak til dette føremålet er også drøfta med fylkesmannen. Det er i utgangspunktet lagt begrensningar på låneopptak og spesielt til investeringar som ikkje medfører reduserte driftskostnader. Spørsmålet må realitetshandsamast konkret men signalet er at det ikkje vil verte godkjendt låneopptak til dette føremålet då det heller vil auke enn redusere driftskostnader.

Før prosjektet vert lagt ut for anbud skal oppdragsgjevar ha sikra finansiering dvs vere trygg på at prosjektet let seg gjennomføre. I høve budsjett 2015 kan rådmannen no ikkje konkret fremje forslag på inndekking av kostnadene.

#### **Drift**

Eit anna spørsmål knytta til opning av legekantoret er konsekvensar for drift. Å drifte sjølve kantoret har kostnader på om lag; Straum: 70.000,- (inkl. mva), Kommunale avgifter: 10.000,- (inkl. mva) , Brøyting: 5.000,-, Reinhold: 25.000,-, løpande vedlikehald 10.000,- Det må etablerast ein betalingsterminal om lag som den på Selje legekantor med kostnad ca 60.000,- i året (5000,-/mnd)

Slik fordelinga no er av legeressursar kan onsdag som kontordag på Stadt vere vanskeleg då vi har i periodar berre ein av tre legar i kurativ teneste då. Ved å sikre legevakt på Selje legekantor må denne legedagen (onsdagar) flyttast. Rådmannen oppfattar at det er viktigast å sikre to legedagar ved kantoret i veka.

I formannskapet kom det også fram synspunkt om at administrasjonen/kommunen må verte betre til å ivareta det engasjementet og ynskjete om å bidra som ligg i lokalsamfunnet når det gjeld å få opna og drifta legekantoret på Stadt. Rådmannen har vurdert dette innspilet både med tanke på å dele opp prosjektet, å vurdere positivt anbud som inkluderer dugnad/uløna arbeidskraft og andre alternativ. I formannskapet kom det også spørsmål om det kan vere eit alternativ å overdra bygget til andre/private som rustar opp bygget. Kommunen kan då inngå leigeavtale for drift av legekantor. I utgangspunktet vil det vere det beste om kommunen sjølv har hand om bygget som eigar. Dette er ei svært viktig teneste som krev areal kommunen har best mogeleg «kontroll» på. På bakgrunn av dei økonomiske vanskaner vi har som kommune og dei bindingane kommunen er pålagt i høve å gjennomføre anbudsprosessar, kan dette likevel vere einaste måten å no få realisert kommunestyret sitt vedtak om å opne kantoret. Dette forutset at vi har ein interessent som kan påta seg oppgåva med å ruste opp og stå som eigar av bygget. På denne måten kan ein både sikre medvirkning frå lokalsamfunnet og sikre finansiering av investeringane som er naudsynte. I forkant vil kommunen då spesifisere krav til kvalitetar i bygget som gjort i vedlegg til sak i forrige formannskap. Då dette er ei såpass krevjande sak (av prinsipiell betydning jmf kommunelova) vil det vere naturleg at inngåing av leigeavtale og vilkår vert eigen sak delegert til formannskapet.

#### **Handsaming i Driftsutvalet - 08.04.2015**

6 voterande

#### **Framlegg frå TP:**

TP går inn for eitt legekantor i Selje kommune. Ein er vidare i mot å avhende bygningsmassen med den hensikt å drifte kommunalt finansierte legekantor.

#### **Røysting:**

Framlegg frå TP fekk 3 røyster for og 3 røyster mot.

Leiaren si dobbelrøyst gjorde at framlegget frå TP falt.

#### **KU-018/15 FRAMLEGG**

Som framlegg frå Formannskapet 18.03.15

#### **Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.04.2015**

3 voterande

#### **Framlegg frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:**

Ideelt sett ønskjer vi 2 legekantor i Selje kommune.

Ut frå utfordringar i kommuneøkonomi og samfunnsutvikling som utfordrar drifta er det

viktig at vi no ikkje rustar opp eit nytt doktorkontor for så å legge det ned igjen.

Det som er viktig er at enkle doktortjenester vert nær brukaren.

**Røysting:**

Framlegg frå Rådet fekk 3 røyster for. Samrøystes.

**RFF-004/15 VEDTAK**

Ideelt sett ønskjer vi 2 legekontor i Selje kommune.

Ut frå utfordringar i kommuneøkonomi og samfunnsutvikling som utfordrar drifta er det viktig at vi no ikkje rustar opp eit nytt doktorkontor for så å legge det ned igjen.

Det som er viktig er at enkle doktortjenester vert nær brukaren.

Samrøystes.

**Handsaming i Eldrerådet - 09.04.2015**

3 voterande

**Framlegg frå Laila Bødal:**

Legekantoret på Stadlandet vert opna igjen, 2 dagar i veka.

Dette spesielt med tanke på tilbodet til dei eldre på Stadlandet.

**Framlegg frå Johan Kroken:**

Under føresetnad av at det vert sikra DAG-legevakt fem dagar i veka ved legekantoret i Selje, vert legekantoret på Leikanger opna så snart dei nødvendige tekniske endringane ved kantoret er utført.

**Røysting:**

Framlegg frå Laila Bødal fekk 2 røyster for.

Framlegg frå Johan Kroken fekk 1 røyst for.

**ELD-004/15 VEDTAK**

Legekantoret på Stadlandet vert opna igjen, 2 dagar i veka.

Dette spesielt med tanke på tilbodet til dei eldre på Stadlandet.

---

13.04.15 - Oppsummering, konklusjon og tilråding frå rådmannen:

### **Oppsummering**

Sidan januar har administrasjonen greidd ut og fulgt opp vedtak i kommunestyret i denne saka. Vedtaket indikerar fleire moment.

- Det er ynskje om utfyllande utgreiingar og
- Tanken, føremålet er at kontoret skal opne frå 1. april.

Den største utfordringa er at vedtaket ikkje er fulgt opp med bevilling i budsjett.

### **Kva er gjort.**

Det er i punktet i vedtaket om meir utgreiing, ikkje spesifisert kva dette gjeld.

Administrasjonen har i haust presentert saka etter eigen oppfatning som forsvarleg utreda.

Administrasjonen har derfor utfordra alle involverte utval, Formannskap, Driftsutval, Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonevne å kome med innspel og ynskje om vidare utgreiingar.

Formannskapet har vore konkret på ei rekkje spørsmål dei ynskjer utgreidd. Dette er lagt inn i saka.

Ulike tema

#### Konsekvensar for pasientar.

Eit av mange tema har vore og er konsekvensar for pasientar i ulike delar av kommunen. Det er hevda at pasientar frå nordre del av kommunen vil ha for lang og tungvindt reiseveg dersom dei må reise til lege i Selje. Det er også hevda at når det to dagar for veka berre er daglegevakt/legekontor på Stadt, vil dette medføre tungvindt og lang reiseveg for pasientar sør i kommunen.

Reiseveg og praktiske sider ved å komme til lege er vektlagt og er ein av grunnane til at det i «revidert» opplegg til formannskapet er lagt opp til at det skal vere legevakt på Selje og ikkje på legekantoret på Stadt. Dette vil avgrense ulempene for andre delar av kommunen.

#### Konsekvensar for dem faglege og praktiske drifta

Dette tema er orientert om tidlegare. Selje kommune har slik vi kjenner til i lange periodar hatt omfattande rekrutteringsvanskar for legar. Det å sikre drift i eit kontor og leggje til rette for fagmiljø er både i det daglege og rekrutteringsmessig ein stor styrke. Undersøkingar blant nyutdanna legar syner at det å inngå i eit fagmiljø er ein av dei sterkaste kriteria når ein vel framtidig arbeidsplass.

Praktisk vil det også vere negativt å drive to kontor i høve eit sentralt kontor.

### Konsekvensar for økonomi

Det er nok det tema som har utfordra administrasjonen mest i høve kommunestyrevedtaket. Dette fordi det ikkje er bevilga pengar til naudsynte investeringar og drift. Rådmannen har drøfta spørsmål om låneopptak med fylkesmannen. Investeringar som ikkje påviseleg medfører reduserte driftskostnader vil i utgangspunktet ikkje verte godkjend.

Administrasjonen har hatt ein ny gjennomgang av investeringsbehova for å forsøke å leggje til rette for å kunne gjennomføre vedtaket. (jmf vedlegg til formannskapet). Det vil uansett ikkje vere mogeleg å opne kontoret utan til dels omfattande opprusting av areala.

I tillegg er det formidla omfang av driftskostnader som ikkje er innelekka. Rådmannen er oppmoda av formannskapet å foreslå inndecking av desse kostnadene. I høve budsjettvedtaket samla sett med dei redusjonar som allereie ligg inne er det ikkje mogeleg å foreslå inndecking dvs andre områder som då må ytterlegare reduserast.

### Samfunnsmessige konsekvensar/andre moment

Det er eit stort engasjement blant tilsette og innbyggjarar i denne saka. Det har vore viktig å presisere at det er kommunestyret som vedtek om vi skal ha legekontor på Stadt. Det har derfor vore viktig å ikkje trekkje inn tilsette i diskusjonane og derved gjere dei til ein «part» i prosessen.

Formannskapet oppfordra rådmannen på sist møte å verte betre til å ivareta det engasjementet og den ressursen det er å ha eit så stort ynskje om eit legekontor på Stad i nordre del av kommunen. Det er utgreidd ulike alternativ for å imøtekomme dette innspelet. I saka er det utgreidd høve til å delta på dugnad osv som alternativ for å redusere kostnadene og dra nytte av denne ressursen. Det er også hevda at stenging av legekontoret på Stadt har negative ringverknader for næringslivet på Leikanger.

Etter rådmannen si oppfatning er dette kanskje det viktigaste momentet for å forsøke å få til drift på dette legekontoret. Vi opplever ei «splitting» i kommunen som er negativ på fleire områder. Å leggje ned kontoret permanent vil kunne auke denne splittinga og vanskeleggjere andre naudsynte utviklingsprosessar.

### **Konklusjon**

Dette er ei krevjande sak for både det poltiske og administrative miljøet. Den har i periodar vore prega av høg temperatur og stort engasjement. Kommunen er no og dei næraste åra framover, etter rådmannen si vurdering, ikkje i ein økonomisk situasjon som tillet å opne eit legekontor på Stadt. Dette gjeld både av investeringsmessige, driftsmessige og faglege omsyn.

I denne konklusjonen er omsyn til pasientar (reiseveg/praktiske sider) engasjementet i nordre del av kommunen, konsekvensar for næringslivet avvegd mot dei negative konsekvensane dette vil medføre.

## **Tilråding**

På grunn av den utfordrende økonomiske situasjonen Selje kommune er i, vil ei opning av legekantoret på Stadt ikkje vere mogeleg å gjennomføre dei næraste åra.

## **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

### **Framlegg frå FRP, SP, UAVH, KRF:**

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

Bygget blir å overdra til selskap under stiftelse for kr. 1000, til BYGDAS BESTE (same ordlyd som andre bygg overdratt frå kommunen til bygder). Kommunen inngår leigeavtale for drift av legekantoret med det nyetablerte selskapet.

På denne måten kan ein både sikre medvirkning frå lokalsamfunnet og sikre finansiering av investering som er naudsynte.

### **Røysting:**

Framlegget frå FRP, SP, UAVH, KRF fekk 5 røyster for.

Tilråding frå rådmann fekk 2 røyster for.

## **FS-026/15 FRAMLEGG**

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

Bygget blir å overdra til selskap under stiftelse for kr. 1000, til BYGDAS BESTE (same ordlyd som andre bygg overdratt frå kommunen til bygder). Kommunen inngår leigeavtale for drift av legekantoret med det nyetablerte selskapet.

På denne måten kan ein både sikre medvirkning frå lokalsamfunnet og sikre finansiering av investering som er naudsynte.

## **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

Fremjing av framlegg og avstemmingar slik det gjekk fram i møtet:

**Framlegg frå Gunn Sande, Toril Sande, Eva Janne T. Årvik, Laila Bødal, Svein Hansen, Anne Lise Drage, Kenneth Brandal, Roar Finnseth, Raymond E. Myren:**

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

Kommunen inngår leigeavtale for 5 år.

Bygget blir å overdra til Selskap under stiftelse for kr. 1.000, alternativt vil bygda tilby kommunen anna eigna lokale å bruke til legekantor.

Restaureringa er «må»oppgåver som rådmann har pålag.

Interimstyret får tid fram til 15.06.15 med å få finansierte oppgraderinga.

Kostnadsdifferanse drift 1 og 2 legekantor leggst fram 15.06.15.

**Framlegg frå AP:**

Selje kommunestyre går inn for å utsette saka om «Legekantor på Stadlandet».

Dette med begrunnelse i den usikkerhet som har komme fram om økonomi.

Vi ber om at administrasjonen greier ut konsekvensar for den økonomiske konsekvens 2 legekantor vil gje.

**Røysting:**

Framlegg frå AP fekk 8 røyster for 9 røyster mot.

Saka skal dermed realitetshandsamast.

**Framlegg frå AP og TP:**

På grunn av den utfordrande økonomiske situasjonen Selje kommune er i, vil ei opning av legekantoret på Stadt ikkje vere mogeleg å gjennomføre dei næraste åra.

**Røysting:**

Framlegg frå AP og TP fekk 8 røyster for og 9 røyster mot.

Framlegg frå Formannskapet 15.04.15 fekk 0 røyster for. Samrøystes.

**Framlegg frå Gunn Sande, Toril Sande, Eva Janne T. Årvik, Laila Bødal, Svein Hansen, Anne Lise Drage, Kenneth Brandal, Roar Finnseth, Raymond E. Myren**

fekk 9 røyster for og 8 røyster mot.

#### **KS-017/15 VEDTAK**

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

Kommunen inngår leigeavtale for 5 år.

Bygget blir å overdra til Selskap under stiftelse for kr. 1.000, alternativt vil bygda tilby kommunen anna eigna lokale å bruke til legekantor.

Restaureringa er «må»oppgåver som rådmann har pålag.

Interimstyret får tid fram til 15.06.15 med å få finansierte oppgraderinga.

Kostnadsdifferanse drift 1 og 2 legekantor leggest fram 15.06.15.





# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	08.04.2015	017/15
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.04.2015	005/15
Eldrerådet	09.04.2015	005/15
Formannskapet	15.04.2015	033/15
Kommunestyret	27.04.2015	018/15

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Ørnulf Lillestøl	FE-033	15/148

## Politisk organisering

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
2	I	27.04.2015	Mari Sekretær Beitveit	Godtgjersle kommunale ombod

## Saka gjeld

1. Nedlegging av driftsutvalet
2. Reduksjon i ordførarverv frå 100% til 80 %
3. Vurdering av
4. Samanslåing av Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

## Opplysningar til saka

I samband med budsjetthandsaming hausten 2014 for budsjett 2015 vart desse tema omhandla.

Tiltak 1. vart vedteke i driftsutvalet 26.11.14 og vidareført i vedtak i formannskapet. Tiltak 2. vart samrøystes vedteke i formannskapet.

På bakgrunn av desse vedtaka vart løyvinga til rammeområdet 100 «Politisk styring og kontroll» redusert med 100.000,-

I tillegg innheldt denne saka spørsmål om å slå saman Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette er eit av mange konkrete tiltak omhandla av Agenda Kaupang i deira arbeid med å greie ut kostnadsreduserande tiltak.

## **Lover/regelverk**

Kommunelova § 10 (vedk oppretting/nedlegging av utval)

*6. Kommunestyret og fylkestinget kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge faste utvalg og komiteer. En komité kan også omorganiseres eller nedlegges av det organ som har fått myndighet til å opprette vedkommende komité*

Lov om Eldreråd

*§ 4 a. (Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)*

*Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Elles gjeld reglane i denne lova og lov 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.*

Budsjettvedtak

## **Finansiering**

Saka omhandlar inndekking i høve rammer i vedtatt budsjett.

## **Sakshandsamar si vurdering**

### **Driftsutvalet**

Sakshandsamar tek vedtak i Driftsutval og Formannskap til etterretning når det gjeld nedlegging av Driftsutvalet og fremjer denne saka. I tillegg til naudsynt budsjettinndekking nyttar ein også administrative ressursar til å førebu saker, gjennomføre møter og etterarbeid. Viser også då til vedtak om reduksjonar i administrasjonen. Det er løpande strenge prioriteringar knytt til kva oppgåver administrasjonen kan påta seg no og dette vil verte forsterka utover budsjettåret. Spørsmål om kommunen skal ha faste utval som Driftsutvalet er i stor grad ei politisk sak. Sakshandsamar vurderer det slik at det enten bør leggjast ned eller så bør ansvar og myndighetsområde klarleggjast.

### **Møtegodtgjersle**

I gjeldande reglement for godtgjering er satsane relatert til rådmannen si løn. Dette er etter kvart meir uvanleg og dei fleste kommunar nyttar stortingsrepresentantar si fastsette løn som grunnlag. Å nytte rådmannen si løn som grunnlag kan skape vanskar ved fastsetjing av løn ved skifte og ved lønsjusteringar.

Det kan også skape habilitetsvanskar når ordførargodtgjersla skal samsvare med rådmannen si løn dersom ordførar skal delta i drøftingar om å fastsetje rådmannen si løn.

Det vart våren 2014 starta opp eit arbeid med å gjennomgå satsene og reglane for godtgjersle. I den samanheng vart det henta inn informasjon frå andre kommunar. Samanlikningane syner at Selje ligg på eit «normalt» nivå på godtgjersle. Det er etter rådmannen si vurdering viktig å ha eit akseptabelt nivå på godtgjersle for å sikre rekruttering til politiske verv, og sikre at det å delta ikkje vert ei belastning for dei som deltek.

## **Ordfører**

Spørsmål om ordførarvervet er også i stor grad ei politisk sak. Sakshandsamar meiner at dette spørsmålet også bør klargjerast i god tid før kommunevalet. På denne måten vert vilkår og rammer for den som vert valgt til vervet klargjort på førehand.

Storleik på ordførarvervet har også vore drøfta i kommunestyret. Sist i samband med budsjett 2014. Frå rådmannen sin ståstad er det viktig å ha ein ordfører som er tilgjengeleg. Dette er særst viktig i ein periode der ressursane i administrasjonen er pressa og redusert på områda som tradisjonelt grensar opp mot ordførarrolla på næring og utviklingsarbeid. Som omtala under punktet om godtgjersle bør ordførargodtgjersle relaterast til stortingsrepresentantar si løn. Dette er også vanleg i andre kommunar med fastsetjing av nivå til kring 85 % av denne løna.

Rådmannen kjem ikkje med konkret framlegg om reduksjon i storleik på dette vervet no. Ein reduksjon til 80 % vil gje eit godtgjerslenivå på 588.268,- med utgangspunkt i 85 % av stortingsrepresentantar si løn. Dette vil innebere ein reduksjon på nærare 200.000,- i høve nivå inneverande valperiode.

## **Samanslåing av Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Argumenta for å slå saman desse utvala er effektivisering. Utvala har i mange samanhengar tilsvarende saker til handsaming og det vil vere ei innsparing både i arbeidstid til førebuing og etterarbeid samt til møtegodtgjersle. Som omtala i innleiinga er dette også noko av bakgrunnen for at ein i lovsamheng har opna for ei samanslåing av desse utvala.

Samla sett vil desse reduksjonane då ikkje innfri budsjettvedtak fatta av kommunestyret. Det er likevel så langt rådmannen finn det tilrådeleg å føreslå kutt innanfor dette området. Eventuelle behov for revisjon/budsjettendringar må vedtakast i junimøtet under handsaming av samla budsjettrevisjon.

## **Konklusjon**

Nivå på godtgjersle til folkevalde vert uendra, men grunnlag for fastsetjing og justering av satsane vert endra til stortingsrepresentantar si løn. (865.100,- frå mai 2014)

Frå neste valperiode vert ordfører si godtgjersle fastsett til 85 % av stortingsrepresentantar si løn. (735.335,- før justering mai 2015)

Frå neste valperiode vert driftsutvalet lagt ned. Kommunestyret handsamar sak om delegeringsreglement i møte i juni og tek då stilling til fordeling av oppgåver og mynde i dag lagt til utvalet.

Frå neste valperiode vert eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne slått saman.

For å halde kostnadene innanfor vedteke budsjett vil det vere naudsynt å vedta begge desse tiltaka eller greie ut andre tiltak. Sakshandsamar har ikkje sett andre realistiske tema/områder.

Kostnad til drift av Driftsutvalet var ca 85.000,- i 2014  
Kostnad ordførargodtgjersle inkl avgifter ca 950.000,-

## **Saksgang**

Handsaming i Driftsutvalet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Eldrerådet, Formannskapet. Endeleg handsaming i Kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. Nivå på godtgjersle til folkevalde vert uendra, men grunnlag for fastsetjing og justering av satsane vert endra til stortingsrepresentantar si løn. (865.100,- frå mai 2014)
2. Frå neste valperiode vert ordførar si godtgjersle fastsett til 85 % av stortingsrepresentantar si løn. (735.335,- før justering mai 2015)
3. Frå neste valperiode vert driftsutvalet lagt ned. Kommunestyret handsamar sak om delegeringsreglement i møte i juni og tek då stilling til fordeling av oppgåver og mynde i dag lagt til utvalet.
4. Frå neste valperiode vert eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne slått saman.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 08.04.2015**

6 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

### **KU-017/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

### **Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.04.2015**

3 voterande

#### **Framlegg frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

#### **Røysting:**

Framlegg frå Rådet fekk 3 røyster for. Samrøystes.

### **RFF-005/15 VEDTAK**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Samrøystes.

### **Handsaming i Eldrerådet - 09.04.2015**

3 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 3 røyster for. Samrøystes.

### **ELD-005/15 VEDTAK**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Samrøystes.

### **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

#### **Framlegg frå FRP:**

Som tilråding frå administrasjonen, men med fylgjande tekst i pkt. 2:

Ordførar si godtgjersle vert fastsett av Kommunestyret i neste valperiode.

Ordførar si godtgjersle skal ta utgangspunkt i stortingsrepresentantane si løn

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen pkt. 1, 3 og 4 fekk 7 røyster for. Samrøystes

Framlegg frå FRP fekk 2 røyster for og 5 røyster mot.

Tilråding frå administrasjonen pkt. 2 fekk 5 røyster for.

### **FS-033/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

### **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

**Framlegg frå FRP:**

Som tilrådinga frå administrasjonen, med fylgjande tekst i pkt. 2:  
Ordføraren si godtgjersle vert fastsett av kommunestyret i neste valperiode.  
Ordførar si godtgjersle skal ta utgangspunkt i stortingsrepresentantane

**Framlegg frå FRP:**

Pkt. 3:

Viser til Budsjett 2015 og til handsaming i Driftsutvalet 13.11.2014.  
Driftsutvalet vert oppretthalde då utvalet er eit og blir eit viktig utval i den politiske organiseringa for å fylgje opp drifta og det vedtekne budsjett i Selje kommune.

Kommunestyret må fatte vedtak om funksjonen av Driftsutvalet.

**Framlegg frå ordførar:**

Nytt pkt. 5:

Kommunestyret ber Eldrerådet og Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne utarbeide framlegg til mandat og samansetjing til eit felles råd.  
Dette må vere klart til konstituerane møte i kommunestyret 28.09.15.

**Framlegg frå AP:**

Som tilråding frå administrasjonen, med unntak av pkt. 4 som blir stroke.  
Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne og Eldrerådet blir oppretthalde som no.

**Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet (pkt.1) fekk 17 røyster for. Samrøystes.  
Framlegg fråFRP (tilråding adm., med endra pkt. 2) fekk 4 røyster for og 13 røyster mot.  
Framlegg fråFRP (pkt 3.) fekk 4 røyster for og 13 røyster mot.  
Framlegg frå ordførar fekk 17 røyster for. Samrøystes  
Framlegg frå AP fekk 1 røyst for og 16 røyster mot.

**KS-018/15 VEDTAK**

1. Nivå på godtgjersle til folkevalde vert uendra, men grunnlag for fastsetjing og justering av satsane vert endra til stortingsrepresentantar si løn. (865.100,- frå mai 2014)
2. Frå neste valperiode vert ordførar si godtgjersle fastsett til 85 % av stortingsrepresentantar si løn. (735.335,- før justering mai 2015)
3. Frå neste valperiode vert driftsutvalet lagt ned. Kommunestyret handsamar sak om delegeringsreglement i møte i juni og tek då stilling til fordeling av oppgåver og mynde i dag lagt til utvalet.
4. Frå neste valperiode vert eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne slått saman.

5. Kommunestyret ber Eldrerådet og Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne utarbeide framlegg til mandat og samansetjing til eit felles råd.  
Dette må vere klart til konstituerande møte i kommunestyret 28.09.15.

Utskrift til:

Eldrerådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådgevar Svein Barmen



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.04.2015	029/15
Kommunestyret	27.04.2015	019/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-250	14/571

## Revidert finansreglement - Selje kommune

### Dokumentliste

#### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.04.2015	Revidert finansreglement april 2015.pdf	64810

### Saka gjeld

Kommunal- og regionaldepartementet fastsatte sommeren 2009 en ny forskrift om finansforvaltning for kommunene og fylkeskommunene. Forskriften trådte i kraft 1. juli 2010, og regulerer kravene til kommunenes reglement, rutiner og rapportering på området, og den tydeliggjør ansvarsfordelingen mellom lokalpolitikere og administrasjonen. Gjeldende finansreglement ble vedtatt av kommunestyret i Selje 21.06.2010.

### Opplysningar til saka

Med bakgrunn i de siste års turbulente finansmarkeder, har rentenivået i hele Europa kommet på historisk lave nivåer – i enkelte land er faktisk styringsrenten negativ. Rentenivået i Norge er også lavt, og det er forventninger i markedet til at Norges Bank faktisk vil sette ned styringsrenten ytterligere i løpet av våren/sommeren. Vi er nå også i den noe unike situasjonen at vi kan binde renten på flere ulike løpetider, til en rente som er lavere enn flytende rente. Pr. i dag setter finansreglementet en begrensning på 50% andel fastrentelån i Selje kommune sin låneportefølje.

### Sakshandsamar si vurdering

Administrasjonen er av den oppfatning at Selje kommune bør utnytte denne situasjonen som har oppstått til sikre seg lavere rente, og samtidig redusere renterisikoen fremover. Det foreslås derfor en endring i reglementets punkt 7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av



sikringsinstrument, tredje bulletpunkt: «Fastrentelån kan liggje mellom 0-50% av den rentebærende låneporteføljen».

Dette foreslåes endret til: «Fastrentelån kan liggje mellom 0-100% av den rentebærende låneporteføljen».

### **Saksgang**

Endelig vedtak i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Vedlagte reviderte finansreglement vedtas

### **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes

### **FS-029/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

### **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-019/15 VEDTAK**

Vedlagte reviderte finansreglement vedtas

.

Samrøystes.

Utskrift:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Revisor

Kontrollutvalet



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.04.2015	030/15
Kommunestyret	27.04.2015	020/15

Sakshandsamar Geir Kvisten	Arkiv FE-151	Arkivsak 14/438
-------------------------------	-----------------	--------------------

## Rebudsjettering - Investeringsbudsjett 2015

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.04.2015	Rebudsjettering FS og KS april 15.pdf	64871

### Saka gjeld

Vedtaket av investeringsbudsjettet er gyldig i 1 år. Dersom et investeringsprosjekt av ulike årsaker ikke er ferdigstilt innen årsslutt, må gjenværende prosjektmidler rebudsjetteres for påfølgende år. Av praktiske årsaker er det hensiktsmessig å ta dette som et eget vedtak når investeringsprosjektene for 2014 er oppgjort, og regnskapet er kjent. Vedlagte oversikt viser regnskapet for løpende investeringsprosjekter som skal videreføres i 2015. Siste kolonne viser hvor mye som skal rebudsjetteres.

I tillegg er det endringer på to av de vedtatte investeringsprosjektene for 2015, ved siden av at det har dukket opp behov for et nytt prosjekt.

Prosjekt 1416 strykes i sin helhet. Dette må ses i sammenheng med prosjekt 1005 som kun har brukt ca. 50 000 av bevilget ramme på 800 000 kroner. Dette rebudsjetteres med 750 000 og skal således være tilstrekkelig for å ferdigstille avløpsplanen. Lånebehovet på 800 000 faller da bort, slik at total låneramme for 2015 ender på 400 000 kroner.

Videre blir det store endringer på prosjekt 1506 ASV – tiltak 2015. Dette var tenkt finansiert med 420 000 kroner i statstilskudd, med en kommunal andel på 140 000 kroner. Dessverre ble Selje kommune kun tildelt 36 000 kroner i støtte, slik at dette prosjektet vil bli vesentlig redusert. Prosjektet vil nå kun dekke asfaltering av en tidligere opparbeidet gang- og sykkelvei på Flatraket. Totalramme for prosjektet er nå beregnet til 60 000 kroner + mva. Kommunens andel blir dermed redusert med 116 000 kroner.

Helt til slutt foreslåes det et nytt investeringsprosjekt for å bygge ut et mer tilfredsstillende trådløst nett på Selje kommunehus. Dagens løsning er ustabil, og med en dårlig dekningsgrad. Nordfjordnett har gitt oss et tilbud på 70 000 kr. + mva. for 12 nye aksesspunkter på huset som vil gi et akseptabelt trådløst nettverk, med en god dekningsgrad. I tillegg kommer installasjon som er beregnet til ca. 20 000 kroner + mva. Totalrammen for dette prosjektet er dermed 90 000 kroner + mva.

### **Saksgang**

Endelig vedtak i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. Rebudsjettering av investeringsprosjekter 2015, i henhold til vedlagte oversikt vedtas.
2. Prosjekt 1416 – gjennomføring av avløpsplanen - strykes i sin helhet.
3. Prosjekt 1506. ASV – tiltak. Asfaltering av gang- og sykkelvei på Flatraket. Ny totalramme 60 000 + mva. vedtas, med henholdsvis 36 000 i tilskudd og 24 000 kroner som kommunens andel.
4. Prosjekt, trådløst nettverk Selje kommunehus vedtas med en totalramme på 90 000 kroner + mva.
5. Finansiering: Selje kommune sitt totale nye lånebehov for 2015 blir redusert med 800 000 kroner til totalt 400 000 kroner. Bruk av ubrukte lånemidler reduseres med 26 000 kroner, slit at bruk av lånemidler totalt reduseres med 826 000 kroner. Tilskudd til investeringer blir redusert fra 420 000 til 36 000 kroner for 2015.

### **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes

### **FS-030/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

### **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

**Framlegg frå AP:**

Som tilråding frå administrasjonen med unntak av pkt. 4. Det blir ikkje bevilga 90.000 til trådløst nettverk.

**Røysting:**

Framlegg frå AP fekk 10 røyster for og 7 røyster mot.

**KS-020/15 VEDTAK**

1. Rebudsjettering av investeringsprosjekter 2015, i henhold til vedlagte oversikt vedtas.
2. Prosjekt 1416 – gjennomføring av avløpsplanen - strykes i sin helhet.
3. Prosjekt 1506. ASV – tiltak. Asfaltering av gang- og sykkelvei på Flatraket. Ny totalramme 60 000 + mva. vedtas, med henholdsvis 36 000 i tilskudd og 24 000 kroner som kommunens andel.
4. Finansiering: Selje kommune sitt totale nye lånebehov for 2015 blir redusert med 800 000 kroner til totalt 400 000 kroner. Bruk av ubrukte lånemidler reduseres med 26 000 kroner, slit at bruk av lånemidler totalt reduseres med 826 000 kroner. Tilskudd til investeringer blir redusert fra 420 000 til 36 000 kroner for 2015.

Utskrift til:

Kontrollutvalet

Revisor

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	15.04.2015	034/15
Kommunestyret	27.04.2015	021/15

<b>Sakshandsamar</b> Ottar Nygård	<b>Arkiv</b> FA-Q64	<b>Arkivsak</b> 15/75
--------------------------------------	------------------------	--------------------------

## Stad Skipstunnel - Bruk av tunnelmasse

### Opplysningar til saka

Saka kom opp som ekstrasak i Formannskapsmøte 15.04.15..

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

### Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015

7 voterande

#### Framlegg frå FRP, SP, UAVH:

Selje kommune vedtar at flerbrukshavnen på Stadlandet er et av hovedprosjektene til Selje kommune i samband med bruk av massen fra Stad skipstunnel. Videre settes det ned en gruppe fra næringslivet i Selje kommune som skal utarbeide planer for bruk av tunnelmassen i resten av kommunen. Gruppen settes ned av Selje kommunestyre. Gruppen skal utarbeide en helhetlig plan for heile kommunen for bruken av massen fra Stad skipstunnel til næringsvirksomheit for heile kommunen.

Gruppen skal jevnlig informere formannskapet om framdrift, planene blir presentert for kommunestyret innen utgangen av 2015, slik at kommunestyret kan gjere dei nødvendige vedtak. Gruppen skal være geografisk balansert, og bruke Nordfjord Vekst/Nordfjord Hamn som støttespillere både faglig og finansielt.

**Framlegg frå ordførar:**

Kommunane Selje, Vanylven og Vågsøy inviterte til møte på Selje Hotel 10.02.15:

- Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommune
- Kystverket
- Statens vegvesen region midt og vest
- Nordfjord Havn
- Vanylven Hamn v/Sibelco
- Nordfjord Vekst
- Vanylven Utvikling
- Plan og utvikling i Selje, Vanylven og Vågsøy

Agenda for møtet var «Plan for bruk av tunnelmassane» v/Stad skipstunnel.

På møtet kom det fram at Planforum i fylkeskommunane ønska å delta i planprosessen i bruken av tunnelmassane.

Vidare kom det fram at ein samla plan for dette må leggast fram for Kystverket v/prosjektgruppa for Stad skipstunnel innan 31.12.2015

Selje kommune har under arbeid arealdelen i kommuneplanen. Plan for bruk av tunnelmassar vert å følgje planprosessen m/folkemøter osv. i dette arbeidet.

Handsaming av planen for tunnelmassane skal handsamast i kommunestyret seinast 14. des. 2015.

**Røysting:**

Framlegg frå FRP, SP, UAVH fekk 4 røyster for.

Framlegg frå ordførar fekk 3 røyster for.

‘

**FS-034/15 FRAMLEGG**

Selje kommune vedtar at flerbrukshavnen på Stadlandet er et av hovedprosjektene til Selje kommune i samband med bruk av massen fra Stad skipstunnel. Videre settes det ned en gruppe fra næringslivet i Selje kommune som skal utarbeide planer for bruk av tunnelmassen i resten av kommunen. Gruppen settes ned av Selje kommunestyre. Gruppen skal utarbeide en helhetlig plan for heile kommunen for bruken av massen fra Stad skipstunnel til næringsvirksomheit for heile kommunen.

Gruppen skal jevnlig informere formannskapet om framdrift, planene blir presentert for kommunestyret innen utgangen av 2015, slik at kommunestyret kan gjere dei nødvendige vedtak. Gruppen skal være geografisk balansert, og bruke Nordfjord Vekst/Nordfjord Hamn som støttespillere både faglig og finansielt.

## Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015

17 voterande

### **Orientering:**

Orienteringsbrev frå sakshandsamar Plan og Utvikling Gry O. Leikanger, dat. 17.04.15 vedk. Kommuneplan – Arealdel – Framdrift vart delt ut i møtet.

### **Framlegg frå FRP:**

#### **Bakgrunn:**

Bakgrunnen for framlegget er at næringslivet sliter med å få finansiert sitt arbeid med å jobbe frem forslag til synergiprojekt for bruk av massen fra Stad skipstunnel. Viser bl. Til avslag på søknad i sak H22/14 i Nordfjord Havn, sitat: *NH ser det vanskelig å kunne innvilge denne søknaden da NH heller ikke har støtta andre prosjekt som ikke har hatt sin forankring i tilhørende kommune.* Som svaret fra Nordfjord Havn viser, er det tydelig at en ikke synes at prosjekt synergi/planar i forhold til bruken av massen fra Stad Skipstunnel er godt nok forankret i kommunen. Dette må vi gjøre noe med, og for å få til dette for å komme videre i prosessen fremmer vi følgende forslag.

#### **Framlegg:**

Selje kommunestyre vedtar at flerbrukshavnen på Stadlandet skal forankres som et av prosjektene til Selje kommune i samband med bruk av massen fra Stad Skipstunnel. Næringslivet i Selje kommune ønsker å sette ned en gruppe for å utarbeide forslag til planer for bruk av tunnelmassen fra Stad Skipstunnel, for næringsvirksomhet i kommunen. Næringslivet ønsker at Nordfjord Vekst skal være en tilrettelegger for gruppen. Gruppen settes ned av næringslivet i selje kommune, der både bedriftsforeninger og enkeltfirma kan delta. Gruppen vil være geografisk balansert og vil jobbe for å utarbeide forslag til bruk av massen i samband med byggingen av Stad Skipstunnel. Målet er at planene skal innrulleres i den pågående planprosessen i løpet av høsten. Selje kommunestyre presiserer med dette vedtaket at de støtter næringslivet i Selje kommune i denne prosessen, og forventer at både Nordfjord Vekst og Nordfjord Havn, stiller opp både faglig og finansielt.

### **Framlegg frå TP:**

#### **Bakgrunn:**

Kommunane Selje, Vanylven og Vågsøy inviterte til møte på Selje Hotel 10.02.2015:

- Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommune
- Kystverket
- Statens vegvesen region midt og vest
- Nordfjord Havn
- Vanylven Havn v/Sibelco
- Nordfjord Vekst
- Vanylven Utvikling
- Plan og utvikling i Selje, Vanylven og Vågsøy

Agenda for møtet var "Plan for bruk av tunnelmassane" v/Stad skipstunnel

På møtet kom det fram at Planforum i fylkeskommunane ønska å delta i planprosessen i bruken av tunnelmassane. Vidare kom det fram at ein samla plan for dette må leggest fram for Kystverket v/Prosjektgruppa for Stad skipstunnel innan 31.12.2015.

#### **Framlegg:**

Selje kommune har under arbeid arealdelen i kommuneplanen. Plan for bruk av tunnelmassar vert å følge planprosessen med folkemøter, innspel frå næringslivet, frivillige organisasjonar og private initiativ.

Handsaming av planen for bruk av tunnelmassane skal handsamast i kommunestyret seinast 14.12.2015.

#### **Framlegg frå Høgre:**

Selje kommune har under arbeid arealdelen i kommuneplanen. Plan for bruk av tunnelmassane vert å følgje planprosessen med folkemøte, innspel frå næringslivet, frivillige organisasjonar og privat initiativ.

Når det gjeld fleirbrukshavna på Stadlandet, ref. kommunestyresak 008/14, vert denne å ta med vidare som eit av dei føreslegne hovudprosjekta. For å sikre framgang i saka, er det viktig at administrasjonen fortløpande orienterer formannskap og kommunestyre om framdrift.

Næringslivet har vist eit sterkt og positivt engasjement i korleis tunnelmassa i frå Stadt Skipstunnel kan nyttast. For å sikre Selje kommune best mulig uttelling i dette arbeidet ber vi kommuneledelsen om å invitere representantar frå aktuelle bedrifter (eks Stadlandet Bedriftsforening) til møte.

Administrasjonen vert bedne om å leggje fram ei framdriftsplan med datoar for milepælar seinast innan neste møte i kommunestyret.

#### **Prøverøysting:**

Framlegg frå FRP fekk 5 røyster for

Framlegg frå TP fekk 9 røyster for

Framlegg frå Høgre fekk 3 røyster for

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for

Etter gruppeleiar møte vart framlegg frå FRP, TP og Høgre trekt, og det vart fremja eit felles framlegg.

#### **Fellesframlegg frå H, UAVH, SP, FRP, AP, KRF, TP:**

Kommunane Selje, Vanylven og Vågsøy inviterte til møte på Selje Hotel 10.02.15:

-Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommune

-Kystverket

-Statens vegvesen region midt og vest

-Nordfjord Havn

-Vanylven Hamn v/Sibelco

-Nordfjord Vekst



- Vanylven Utvikling
- Plan og utvikling i Selje, Vanylven og Vågsøy

Agenda for møtet var «Plan for bruk av tunnelmassane» v/Stad skipstunnel.

På møtet kom det fram at Planforum i fylkeskommunane ønska å delta i planprosessen i bruken av tunnelmassane.

Vidare kom det fram at ein samla plan for dette må leggast fram for Kystverket v/prosjektgruppa for Stad skipstunnel innan 31.12.2015

Selje kommune har under arbeid Arealdelen i kommuneplanen. Plan for bruk av tunnelmassane vert å følge planprosessen med folkemøte, innspel frå næringslivet, frivillege organisasjonar og privat initiativ, og skal vere ferdig 14.12.15.

Når det gjeld fleirbrukshavna på Stadlandet, ref. kommunestyresak 008/14, vert denne å ta med vidare som eit av dei førslegne hovudprosjekta.

Næringslivet har vist eit sterkt og positivt engasjement i korleis tunnelmassa ifrå Stad skipstunnel kan nyttast. For å sikre Selje kommune vest mulig uttelling i dette arbeidet ber vi rådmann møte representantar for næringslivet i denne prosessen.

#### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for.

Fellesframlegget frå H, UAVH, SP, FRP, AP, KRF, TP fekk 17 røyster for. Samrøystes.

#### **KS-021/15 VEDTAK**

Kommunane Selje, Vanylven og Vågsøy inviterte til møte på Selje Hotel 10.02.15:

- Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommune
- Kystverket
- Statens vegvesen region midt og vest
- Nordfjord Havn
- Vanylven Hamn v/Sibelco
- Nordfjord Vekst
- Vanylven Utvikling
- Plan og utvikling i Selje, Vanylven og Vågsøy

Agenda for møtet var «Plan for bruk av tunnelmassane» v/Stad skipstunnel.

På møtet kom det fram at Planforum i fylkeskommunane ønska å delta i planprosessen i bruken av tunnelmassane.

Vidare kom det fram at ein samla plan for dette må leggast fram for Kystverket v/prosjektgruppa for Stad skipstunnel innan 31.12.2015

Selje kommune har under arbeid Arealdelen i kommuneplanen. Plan for bruk av tunnelmassane vert å følge planprosessen med folkemøte, innspel frå næringslivet, frivillege organisasjonar og privat initiativ, og skal vere ferdig 14.12.15.

Når det gjeld fleirbrukshavna på Stadlandet, ref. kommunestyresak 008/14, vert denne å ta med vidare som eit av dei førslegne hovudprosjekta.

Næringslivet har vist eit sterkt og positivt engasjement i korleis tunnelmassa ifrå Stad skipstunnel kan nyttast. For å sikre Selje kommune vest mulig uttelling i dette arbeidet ber vi rådmann møter representanter for næringslivet i denne prosessen.

Samrøystes.

Utskrift til:  
Aktuelle partar



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.04.2015	031/15
Kommunestyret	27.04.2015	022/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FE-140	14/427

## Kommuneplan 2015-2027 - Arealdel - Planprogram

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	24.09.2014	Isak Stave	Innspel kommuneplan - arealdel
2	I	07.10.2014	Atle Hustad	Innspel kommuneplan - arealdel
4	I	02.12.2014	Reidar Sandviknes	Vedlegg
10	I	15.12.2014	Per Apelseth	Innspel kommuneplan - arealdel
5	U	16.12.2014	jfr. adresseliste Til mottakarar	Varsel om oppstart og høyring av planprogram for kommuneplan- ny arealdel.
9	I	19.01.2015	Jan Otneim	Innspel kommuneplan - arealdel
6	I	25.01.2015	Terje Vartdal	Innspel kommuneplan - arealdel
7	I	27.01.2015	NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat	Innspel kommuneplan - arealdel
8	U	30.01.2015	Abbedisse Thavoria	Innspel til planprogram for arealdel
11	I	09.02.2015	Kystverket Vest	Innspel kommuneplan - arealdel
12	I	10.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til føreslege planprogram for arealdelen til kommuneplanen - 2015-2027
13	I	20.02.2015	Norunn og Ingmar Solvåg	Innspel kommuneplan - arealdel
14	I	23.02.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Innspel kommuneplan - arealdel
16	I	19.03.2015	Fiskeridirektoratet Region Vest v/Hanne Marie Utvær	Innspel til kommuneplan - arealdel
17	I	08.04.2015	Reidar Sandviknes	Vedlegg - Revidert planprogram
18	U	17.04.2015	Rådmann	Kommuneplan - Arealdel - Framdrift
19	I	27.04.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Kommuneplan - Arealdel - Framdrift

## Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.04.2015	Planprogram arealdel - endeleg versjon - april 2015.docx	64761

### Opplysningar til saka

Generelt: Planprogrammet skal vise kva tema ein skal sjå nærare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet.

Planprogrammet skal avklare tidleg i planprosessen:

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegget for medverknad
- kva for alternativ som vil bli vurdert
- trong for utgreiingar

Planprogrammet skal leggast ut til offentleg ettersyn. Kommunen skal innarbeide merknadene som kjem inn og fastsette endeleg planprogram. Sjølve planen, arealdelen av kommuneplanen, skal utarbeidast ut frå det fastsette planprogrammet.

Det faste utval for plansaker (formannskapet) vedtok i møte 11.12.2014 å leggje forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn i 6 veker, fram t.o.m 31.01.2015.

Det har kome inn i alt 10 merknader til planprogrammet/arealplanen etter kunngjering.

### Vurdering:

6 av innspela er direkte retta mot planprogrammet og vert innarbeidd der. 4 av innspela er meir retta mot sjølve arealplanen, og vert såleis ikkje kommentert i planprogrammet.

Innspela frå høyringsinnstansane er skriven som samanhengande tekst, der ein undervegs finn konkrete forslag som dei meiner vi bør ta med i planprogrammet. Sakshandsamar har delt opp teksten i avsnitt/tema og kommentert kvart avsnitt /tema med : «**Vår vurdering**». All tekst er ikkje gjengitt, men alle høyringsuttalene er med som vedlegg.

For å få betre oversikt i saksutgreiinga, har kvart avsnitt/tema fått eit nr. og der er brukt *kursiv* på merknadene frå høyringsinnstansane.

10.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til føreslege planprogram for arealdelen til kommuneplanen - 2015-2027
------------	---------------------------------	--

### Generelle merknader

#### **1. FM skriv:**

*I utgangspunktet bør arealbruken på land og i sjø sjåast i samanheng og vurderast samla i ein felles arealplan. Vi har forståing for at kommunen vil avgrense omfanget av planarbeidet og difor ynskjer å revidere berre for landdelen i denne omgang. Vi oppmodar likevel kommunen om å vurdere om sjøarealet bør reviderast samtidig.*

**Vår vurdering:** Sjøområde og strandsone vert ein del av arealdelen.

**2. FM skriv:**

*Vi rår kommunen til å vurdere om planarbeidet bør/kan avgrensast noko meir, og om alle tema som er lista opp under hovudfokusområda i kap. 3 er like viktige og relevante å avklare no. I kapittel 3 står det også at kommunen skal ha eit spesielt fokus på å finne areal til bustader og til næring. Kommunen bør ut frå dette vurdere om avgrensinga av aktuelle arealbruksfremål i større grad kan spissast mot dette. Dette bør i så fall definerast nærare i planprogrammet.*

**Vår vurdering:**

Fokusområda vert ikkje endra no i planprogrammet, men arealplanlegging til bustader, næringsfremål og Stad skipstunnel vil ha prioritet. Dette inkluderer og bruk av masser frå tunnelen.

**Planprogrammet**

**3. FM skriv:**

*Planprogrammet bør innehalda informasjon om kva krav kommunen stiller til innhaldet i framlegg til utbygging som kjem opp i planprosessen, og det bør beskrive korleis relevante og realistiske alternativ og innspel vil bli handsama i planarbeidet. Vi rår til at dette vert arbeida inn i planprogrammet.*

**Vår vurdering:** Eit nytt punkt – Vurdering av innspel er tatt inn i planen kap.6.

**4. FM skriv:**

*I kapittel 4 i planprogrammet er også utgreiingsbehov omhandla. Etter det vi kan sjå har planprogrammet i hovudsak med dei tema som er viktige og relevante å vurdere/utgreie. Vi vil rå til å konkretisere nærare under kvart utgreiingstema kva undertema som skal vere med, slik at det også går fram kva som skal vurderast. Det er viktig å velje ein ryddig og god metode for framstilling av konsekvensvurderingane for kvart enkeltområde. Metoden for dette kan gjerne omtalast nærare i planprogrammet, og i alle fall beskrivast i konsekvensutgreiinga. Vi viser til konsekvensutgreiingane som følgjer dei nyleg utarbeidde kommuneplanane til Vik kommune (vedteken) og Luster kommune (nyleg vore på høyring). Konsekvensutgreiingane og metoden dei har nytta, særleg for nye byggjeområde, kan sjåast på som gode eksempel for etterfølging.*

**Vår vurdering:**

Dette vert utført ved at vi lager eit skjema for konsekvensutgreiing av enkeltområder i arealdelen. Her vil det gå fram kva undertema som skal vere med.

**Natur og miljø**

**5. FM skriv:**

*Vi rår kommunen til å vurdere om strandsone bør vere med som eit eige utgreiingstema, jf. kap. 4 i planprogrammet.*

**Vår vurdering:**

Strandsone vert lagt inn i kap 4 under fokusområda og som utgreiingstema i kap. 5.

#### **6. FM skriv:**

*Vi rår også til å splitte opp tema landskap og grønstruktur, slik at desse blir vurderte kvar for seg. For landskap bør både fjernverknad og nærverknad av tiltaket vurderast.*

#### **Vår vurdering:**

Er no splitta slik at dei vert vurderte kvar for seg.

#### **7. FM skriv:**

*Når det gjeld vurderingar etter naturmangfaldlova, ser vi det som viktig at vurderingane etter kapittel I og II i nautmangfaldlova blir synleggjort i konsekvensutgreiinga, både for enkeltområda og verknadane endringane i arealbruken får samla.*

**Vår vurdering:** Vert presisert i kap.5.

#### **8. FM skriv:**

*Når det gjeld vidareføring av byggjeområde som ikkje er utbygde eller reguleringsplanar som ikkje er realiserte, ser vi det generelt som viktig at arealbruken vert vurdert opp mot endringar i areal- og miljøpolitikken, ny kunnskap om naturmangfald m.v. Byggjeområde eller reguleringsplanar som ikkje er utbygde, og som er i strid med ny/endra areal- og miljøpolitikk eller ny kunnskap, bør ikkje vidareførast frå gjeldande plan, men heller takast ut av planen. Vi gjer merksam på at motsegnretten til Fylkesmannen mot eventuelle konflikter med nasjonale eller viktige regionale interesser, også i slike vidareførte byggjeområde, ikkje er avskoren (jf. pbl. §§ 5-4 og 5-5).*

**Vår vurdering:** Punkt i kap. 5 / avklaringar .

#### **9. FM skriv:**

*Den statlege planretningslinja for differensiert forvaltning av strandsona er ikkje omtalt i planprogrammet. I den delen av retningslinjene som gjeld særleg for område med mindre press på areal (som gjeld alle kommunane i Sogn og Fjordane som grensar til sjø), er det sagt at "eldre planer som gir mulighet for utbygging i strid med retningslinjene, bør revideres eller oppheves". På bakgrunn av dette oppmodar vi kommunen om å vurdere gjennom kommuneplanarbeidet om det er eldre reguleringsplanar, som omfattar uheldig utbygging i strandsona, som bør reviderast eller opphevast.*

**Vår vurdering:** : Punkt i kap. 5 / avklaringar.

### **Landbruksfaglege merknader**

#### **10. FM skriv:**

*Vi vil oppmode kommunen om å velje ut og registrere dei viktige kjerneområde for landbruk og kulturlandskap. I tillegg til å synleggjere landbruksverdiane, vil kjerneområde landbruk vere eit godt hjelpemiddel når kommunen skal vurdere og velje nye byggjeområde i kommuneplanen. Dei utvalde kjerneområda kan presenterast som eit eige temakart, som vedlegg til kommuneplanen. I området med stort utbyggingspress kan det også vere relevant å synleggjere viktige jordressursar som omsynssoner i kommuneplankartet.*

**Vår vurdering:** Presisert i kap. 4 og under kartleggingsbehov i kap. 5.

### **11. FM skriv:**

*Selje kommune har ei sentral rolle i prosjektet utvalde kulturlandskap i jordbruket, som bindeledd mellom staten og grunneigarane og som lokal forvaltningsmyndigheit. Vi rår difor til at særleg utvalde kulturlandskap vert lagde inn som omsynssoner i kommuneplankartet.*

**Vår vurdering:** Presisert i kap 4. og under kartleggingsbehov i kap. 5.

## **Folkehelse, barn og unge og universell utforming**

### **12. FM skriv:**

*Fylkesmannen har sett på kommunedelplan for helse og omsorg. Den planen har innarbeidd gode formuleringar om sosiale skilnader og utvikling av gode bustadområde. Planen har ei målsetting om at mange skal bu heime lengst muleg. Vi saknar at slike omsyn kjem tydeleg fram i planprogrammet for arealdelen.*

*Fylkesmannen viser vidare til innspela om folkehelse, universell utforming m.m. i fråsegna til oppstart av arbeidet med planprogrammet, jf. brev datert 22.09.2011.*

**Vår vurdering:** Er med som eit fokusområde i kap. 4.

23.02.2015 Sogn og Fjordane  
fylkeskommune

Fråsegn til føreslege planprogram

## **Strategi for arealbruk**

### **13. Fylkeskommunen (FK) skriv**

*Vi saknar ein overordna strategi for arealbruken og som skal styre arbeidet med arealplanen. Ein slik strategi bør ligge i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette har vi kommentert i vår fråsegn til samfunnsdelen de no har ute til høyring.*

*Inkludert i ein slik strategi bør det då også vurderast om areal lagt ut til byggeformål i tidlegare planar kan tilbakeførast til LNF- kategorien- (økonomisering av areal) . Som del av ein arealbruksstrategi ser vi også føre oss at kommunen må definere kva dei vil oppnå med bruken av areala og kva strategisk verdi dei ulike areala har.*

### **Vår vurdering:**

Er no med i samfunnsdelen og presisert i planprogrammet kap. 2.

## **Behov for utgreiingar**

### **14. FK skriv**

*Behov for utgreiingar innanfor ulike fagtema er lista opp. Men det er ikkje sagt noko om opplegg for utgreiing. I lovkommentaren til § 4-2 står det at «Planprogrammet må struktureres slik at det i etterkant kan tas stilling til om planforslaget med konsekvensutredning er utarbeidet i tråd med planprogrammet». Etter vår vurdering betyr det at planprogrammet må innehalde ei meir detaljert skildring av kva ein ønskjer å få utgreidd innanfor ulike fagtema, og korleis ein ser føre seg at dette skal gjennomførast. Før kommunen sjølv, eller eit konsulentfirma gjennomfører utgreiingar, må det uansett setjast opp eit meir detaljert grunnlag for bestilling av utgreiing. Skildring av*

utgreiingsbehov og gjennomføring kan til dømes setjast opp med bruk av følgjande stikkord:

1. Definisjon av tema
2. Fokus for utgreiinga
3. Utgreiingsbehov
4. Metode
5. Eksisterande materiale

**Vår vurdering:** Jfr. pkt 4 ovanfor.

## **Medverknad**

### **15. FK skriv**

Under kapittelet om opplegg for medverknad er det nemnt at det vert lagt opp til ein open planprosess der medverknad skal spele ei viktig rolle. I pbl §4-2 om planprogram vert det spesifikt sagt at planprogrammet skal gjere greie for «planprosessen med frister og deltakere», og «opplegget for medvirkning». De viser i framlegget til pbl §5-1 og at kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging. Og de set opp eit hovudopplegg for medverknad. Det er bra, men samstundes flytter de konkret opplegg fram i tid, ved å seie at opplegg for medverknad tilpassa born og unge vert utforma undervegs i planprosessen. Vi oppmodar til å alt no, å seie noko meir konkret om opplegg. Slik vert planprogrammet meir forpliktande, og sikrar at grupper som krev særleg tilrettelegging faktisk vert tekne med i prosessen.

### **Vår vurdering:**

Justering av tidsplan for medverknad og for planarbeidet generelt, kan bli endra og må lagast som vedlegg til planprogrammet.

## **Kulturminne, kulturmiljø og landskap.**

### **16. FK- skriv**

Planprogrammet må også seie noko om utgreiingsbehov og konsekvensutgreiingar for planlagde utbyggingsareal. Konsekvensar i forhold til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap må også inngå her.

### **Vår vurdering:**

Er med under kap.5- behov for utgreiingar.

### **17. Kulturminne frå nyare tid / Lokal kulturminneplan-FK skriv**

I planprogrammet syner dykk til kommunale planar som er vedtekne, under arbeid og ikkje oppstarta. Då Selje kommune har starta opp arbeid med lokal kulturminneplan må denne også takast inn i oversikta over kommunale planar. I dykka arbeid med lokal kulturminneplan vil dykk velje ut dei mest verdifulle kulturminna for Selje kommune og desse bør gjevast eit vern gjennom arealplan. Ei konsekvens av dette er at dei utvalde områda bør takast inn i kommuneplanens arealdel og få ein omsynssone med føremål bevaring, jf. pbl §11-8 C. Vidare må det utformast gode retningslinjer for korleis kommunen ynskjer at desse områda skal takast vare på i framtida. Då dykk no er i startfasen med både arealdelen til kommuneplan og lokal kulturminneplan er det etter vår vurdering hensiktsmessig om dykk får innarbeida dei utvalde kulturminna i arealdelen. Viss dykk ikkje rekk det er det viktig at dykk i planomtalen tek inn ei formulering om at dei utvalde kulturminna i kulturminneplanen skal gjevast ei



*omsynssone med føremål bevaring, ved neste rullering av kommuneplanens arealdel.*

### **Vår vurdering:**

Vi tek inn ei formulering i planomtalen om at dei utvalde kulturminna i kulturminneplanen skal gjevast ei omsynssone med føremål bevaring, ved neste rullering av kommuneplanens arealdel.

### **Vedtaksfreda bygg i Selje kommune**

#### **18. FK skriv**

*Mange av dei kulturhistorisk mest verdfulle kulturminna våre frå nyare tid er freda i medhald av Lov om kulturminne. I Selje er det eit anlegg som er vedtaksfreda: Selje prestegard. Fredinga omfattar hovudhuset, borgstova, skulehuset, stabbur, eldhus og vedskjul. Vi ber om at anlegget vert merka av i plankartet som bandlagt etter anna lovverk og gitt ein eigen SOSI-kode. Då fredinga av Selje prestegard kun omhandlar bygningane ber vi om at dykk også legg ein omsynssone med føremål bevaring over eigedomen, med gode retningslinjer som ivaretek dei antikvariske verdiane i anlegget. Dette for å bevare verknaden av dei freda bygningane i omgjevnadane.*

**Vår vurdering:** Vert teke med i kap. 5 - kartfesting av kulturminne.

### **Listeførte kyrkjer**

#### **19. FK skriv**

*Alle kyrkjer som er bygd mellom 1650 og 1850 er listeført. I tillegg er ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 listeført. Desse bygga skal handsamast i medhald av rundskriv T-3/00 «Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø». I dette rundskrivet er det og tatt inn ein 60 meters byggeforbodssone rundt kyrkjebygga. Side 4 av 5*

*I Selje kommune er Selje kyrkje listeført. Vi ber om at de i plankartet tek inn byggeforbodssona og i tillegg vurderer om det er behov for ei større omsynssone med føremål bevaring for å sikre kyrkjene sin verknad i omgjevnadane. I tillegg til å gje gode retningslinjer for omsynssona. Vi vil også tilrå at dykk legg ei høveleg omsynssone rundt dei andre kyrkjene i Selje for å ivareta verknaden deira i landskapet.*

**Vår vurdering:** Vert teke med i kap. 5 kartfesting av kulturminne.

### **Grunnlagsdata for planarbeidet**

#### **20. FK skriv**

*Vi ser at de ikkje har tatt inn fyljande kulturminne databasar i arbeidet med planen:*

- *Askeladden – Riksantikvarens database over freda kulturminne*
- *Kulturminnesøk – Riksantikvaren sin publikumsdatabase over kulturminne*
- *Bra-arkiv – SEFRAK-skjema som er scanna og søkbare*

*Askeladden og Bra-arkiv krev brukarnamn og passord for å komme inn i databasen. Dette får dykk ved å ta kontakt med Riksantikvaren. Kulturminnesøk er Riksantikvaren sin publikumsdatabase som kan brukast utan brukarnamn og passord, alle kan og registrere seg for å få brukarnamn og passord slik at ein kan legge inn opplysingar i Kulturminnesøk.*

**Vår vurdering:** Vert teke inn i kap. 8 – Gunnlagsdata.

### **Statlege verneplaner**

#### **21. FK skriv**

*Kvar av dei statlege etatane har, eller arbeider med, eigne verneplanar for sitt arbeidsområde. Ein del av desse er ferdig utforma og tilgjengelege, andre er under arbeid. For Selje vil det vere naturleg å sjå på Kystverket sin verneplan for hamneområde, spesielt for Eltvik. Statens vegvesen sin verneplan for veganlegg, og då spesielt For veggen over Manseidet, Sandvikeidet og Dragseidet. Veggen over Berstadeidet må heller ikkje gløymast i den samanheng.*

**Vår vurdering:** Vert teke med i kap. 5 kartfesting av kulturminne.

27.01.2015	NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat	Fråsegn til offentlig ettersyn av Kommuneplan for Selje kommune.
------------	---	--

#### **22. NVE sine tilbakemeldingar omfattar**

- *Naturfare innafor områda steinsprang, jord – og flaumskred*
- *Vassdrag som er verna mot kraftutbygging.*
- *Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8d) i plankartet.*
- *Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL §11-7 nr. 2.*
- *Eksisterande vasskraftanlegg (Skorge) med konsesjon bør avsettast som byggeområde.*
- *Det er gjeve konsesjon for Okla vindkraftverk. Konsesjonsvedtaket er klaga på. Saka ligg no i OED forendeleg avgjerd. Området for Okla vindkraftverk må syne i plankartet med omsynssone Bandlagt område PBL § 11-8 d. (H740). Område for Testområde Stadt må tilsvarende merkast med omsynssone*

#### **Vår vurdering:**

Tilbakemeldingane frå NVE er konkrete og opplysende, men finn at dei er mest retta inn mot sjølve planen og fører ikkje til endring i planprogrammet.

09.02.2015	Kystverket Vest	Fråsegn til offentlig ettersyn av planprogram for kommuneplanen sin arealdel - Selje kommune
------------	-----------------	--

#### **23. Kystverket skriv om**

- *Farleier generelt og for Stad skipstunnel*
- *Vurderer arealbehov knytt til deponier både i sjø og på land i rulleringa av kommuneplanen slik at ein kan sikre gode samfunnsøkonomiske løysingar for bruk av massar frå tunneldrift. Dette gjeld og areal til sjølve tunnelen.*
- *Ankringsområder*
- *Statlege fiskerihammer må visast i plankartet som fiskerihammer (FH).*
- *Naudhammer*

- *Akvakultur*

### **Vår vurdering:**

Punkt om arealbehov knytt til deponier både i sjø og på land slik at ein kan sikre gode samfunnsøkonomiske løysingar for bruk av massar frå tunneldrift, vert teke med i planprogrammet som fokusområde. Dei andre tilbakemeldingane frå Kystverket retta inn mot sjølve planen og fører ikkje til endring i planprogrammet.

### **24. Statens vegvesen :Ingen merknad til planprogrammet**

I	19.03.2015	Fiskeridirektoratet Region Vest v/Hanne Marie Utvær	Innspel til kommuneplan - arealdel
---	------------	---	------------------------------------

### **25. Fiskeridirektoratet (FD).**

Fiskeridirektoratet har levert ein omfattande uttale, som vil vere viktig i vidare arealplanlegging i sjø og strandsone.

Sakshandsamar har forsøkt å trekke ut viktige punkt frå uttalen som grunnlag for justering av planprogrammet:

*FD ynskjer at fiskeri, og turisme knytt til fiske, vert nemnde under overskrifta Næring og kultur, saman med andre tema som også er relevant for arealbruk i sjøområda.*

**Vår vurdering :** Vert teke med som punkt under Næring og Kultur.

### **FD peikar elles på fylgjande punkt som er viktige i arealdelen:**

*Fiskeri-og akvakulturinteresser i sjøområda*

*Arealbruk , skape meir samanheng mellom arealbruk på land og i sjø, nye akvakulturanlegg er meir plasskrevande – krev samhnadling med næringa.*

*Kartfeste gytefelt og oppvekstområder. (Havforskningsinstituttet kartlegg gytefelt i Selje kommune, i samband med «Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold)*

*Fiske som føremål i arealplanen- På generelt grunnlag ber vi kommunen om å leggje til rette for at fiske kan gå føre seg utan at anna arealbruk kjem til hinder for dette. Primært ber vi om at sjøområde som er viktige for fiskeri, og der anna arealbruk vil kome til hinder for reiskapsbruk, vert satt av med ein-kategori føremål «fiske».*

*Akvakultur som føremål i arealplanen -Generelt ber vi kommunen om å sette av tilstrekkelege areal som sikrar vidare drift ved anlegg som er etablert i sjøområda.*

*Marine naturtypar: Generelt ber vi om at arealbruken innafor alle område kor det er registret marine naturtypar, vert vurdert.*

*Medverknad frå næringsinteresser fiskeri og akvakultur*

*Tilhøve til regionaleog interkommunale arealplanar*

**Vår vurdering.** Opplista punkt og uttalen som heilheit vert å ta omsyn til i vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet vert justert slik med nye punkt under Næring og kultur.

- Legge til rette for fiskeri og turisme knytt til fiske.
- Legge til rette for maritim næring og havbruk, syte for tilstrekkelege areal som sikrar vidare drift ved akvakulturanlegg som er etablert i sjøområda og tek høgde for nye etableringar – også på landområde.

Fylgjande vert punkt under kap. 5 Kartlegging og avklaringar :

- Avklaring om arealbruk – plasskrevjande akva anlegg.
- Kartlegging og sikring av fiske-, kaste- og låsettingsplassar, eksisterande akvakulturanlegg og farleier
- Kartfesting av viktige gyte – og oppvekstområder- omsynssoner
- Konsekvensutgreiing i forhold til marine naturtyper

#### ***FD si kartløysing***

*Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finnast i kartløysinga på Fiskeridirektoratet si heimeside [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no). Kartløysinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokalitetar kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.*

**Vår vurdering:** Vert punkt under kap. 8- grunnlagsdata.

#### **Lover/regelverk**

PBL § 11-13.

#### **Sakshandsamar si vurdering:**

Vurderingane er vist under kvart avsnitt 1-25.

#### **Konklusjon**

Planprogrammet gjer godt greie for innhald, tema og problemstillingar i den vidare planprosessen, og er i samsvar med målsettingar sett i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette gjer planprogrammet til eit godt grunnlag for den vidare planprosessen. Rådmann tilrår difor at kommunestyret vedtek endeleg planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2015 - 2027.

#### **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Kommunestyret vedtek endeleg planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2015-2027, jf. PBL § 11-13.

### **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes

### **FS-031/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen..

### **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

#### **Orientering:**

Orienteringsbrev frå sakshandsamar Plan og Utvikling Gry O. Leikanger, dat. 17.04.15 vedk. Kommuneplan – Arealdel – Framdrift vart delt ut i møtet.

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes,

### **KS-022/15 VEDTAK**

Kommunestyret vedtek endeleg planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2015-2027, jf. PBL § 11-13.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.04.2015	032/15
Kommunestyret	27.04.2015	023/15

<b>Sakshandsamar</b> Reidar Sandviknes	<b>Arkiv</b> FE-140	<b>Arkivsak</b> 14/428
---	------------------------	---------------------------

## Kommuneplan 2015-2027 - Samfunnsdel

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	03.12.2014	Reidar Sandviknes	Vedlegg Samfunnsplan
3	U	16.12.2014	Mottakarar jfr. adresseliste	Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027- offentlig ettersyn og høyring
4	U	30.01.2015	Abbedisse Thavoria	Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel
5	I	02.02.2015	Statens Vegvesen Region vest	Innspel til kommuneplanen
6	I	09.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tilråding til planframlegg
7	I	19.02.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fråsegn samfunnsdel Selje
8	I	23.02.2015	Hieromonk Damascenos	Innspel til kommuneplanen
13	I	20.04.2015	Gry Otneim Leikanger	Oppdatert planforslag Samfunnsdel - KS 27.04.2015
11	U	20.04.2015	Kommunestyret	Merknad frå sakshandsamar/planleggar

### Vedlegg i saka

Revidert plan vert lagt fram i møtet.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.04.2015	Merknad frå sakshandsamar/planleggar	65182
21.04.2015	Planforslag - Samfunnsdel KS 27.04.2015.pdf	65218

## Opplysningar til saka

Selje kommune har tidlegare ikkje hatt nokon samfunnsdel i kommuneplanen. Kommunestyret har i sak 83/12 vedteke overordna planstrategi for perioden 2012 – 2016. Her går det fram at samfunnsplan og arealdel skal prioriterast i denne perioden. Planprogrammet, som gir rammer for planen vart vedtatt av kommunestyret i sak 33/11. Formannskapet handsama planen i møtet 11.12.2014 og gjorde fylgjande vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, vert Selje kommune sitt framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 15.12.2014 - 31.01.2015»

Vi har fått inn 5 uttaler til planen. Fylkesmannen og Fylkeskommunen har gitt omfattande tilbakemeldingar, som blir vurdert og kommentert under.

Både Fylkesmannen og Fylkeskommunen gir generelt positiv omtale av planframlegget.

*Fylkeskommunen skriv at planen tek tak i sentrale utfordringar for Selje kommune som samfunn og organisasjon. Planen er kortfatta og konkret og set tydlege mål for samfunnsutviklinga.*

*Fylkesmannen skriv at planforslaget er oversiktleg og lett å finne fram i.*

*Begge peikar på at det viktig at samfunnsdelen må gje tydlege føringar for arealdelen innkludert sjøområde / strandsone.*

*Fylkeskommunen ynskjer å bli meir utfordra gjennom framlegget og viser til at dei kan tilby ei lang rekke rådgjevingstenester innafor planarbeid i kommunane.*

*Fylkeskommunen meiner vi bør vere meir konkret på korleis ein skal gjennomføre planen og at dette skulle ha vore vist i handlingsdelen, der tiltaka skal prioriterast.*

Vi har omtala handlingsdelen /økonomiplanen i kap 1.1.

Ideelt sett bør handlingsplanen lagast uavhengig av budsjett tidleg på året og vere førande for budsjettarbeidet om hausten. Handlingsplanen bør heretter ha god forankring i den nye samfunnsplanen.

*Fylkeskommunen ynskjer og at vi er meir konkret på rolla som samfunnsutviklar og kven som er samarbeidspartar her og om vi har ressursane.*

Selje kommune ser Sogn og Fjordane fylkeskommune som ein viktig aktør som kan bidra med eit overordna blick og ressursar i form av kompetanse og økonomiske midlar, både til kommunale og regionale samarbeid og tiltak. For å oppnå ynskt utvikling ynskjer Selje kommune å spele på lag med fylkeskommunen.

Dei regionale planane er viktige for samarbeid og dialog slik at kommunen kan få hjelp til å sikre ei optimal utvikling gjennom regionalt samarbeid. Vi må ha positiv og direkte dialog med dei andre kommunane innanfor bu-, arbeids- og serviceområdet i Nordfjord for å finne samarbeidsløysingar.

Vi ser at ei tverrfagleg tilnærming er viktig for å utvikle kommunen, og har difor lagt vekt på innbyggjar/ brukar fokus.

## Redaksjonelle endringar.

- Vi ser at det er behov for å presisere noko meir om nasjonale og regionale føringar.

Vi tilrår at kap.1 vert utvida slik:

1. Planskildring
  - 1.1 Nasjonale og regionale føringar
  - 1.2 Kommuneplanen sin oppbygning

- Samfunnsdelen sin overordna strategi for arealbruk skal styre arbeidet med arealplanen. Dette vil vi presisere noko meir i kap 5.

Innspela frå høyringsinstansane er skriven som samanhengande tekst, der ein undervegs finn konkrete forslag som dei meiner vi bør ta med i planprogrammet. Sakshandsamar har delt opp teksten i avsnitt/tema og kommentert kvart avsnitt /tema med : «**Vår vurdering**». All tekst er ikkje gjengitt, men alle høyringsuttalene er med som vedlegg.

For å få betre oversikt i saksutgreiinga, har kvart avsnitt/tema fått eit nr. og der er brukt *kursiv* på merknadene frå høyringsinstansane.

09.02.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tilråding til planframlegg
------------	---------------------------------	----------------------------

### **1. Nasjonale forventningar - Fylkesmannen skriv:**

*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er eit sentralt dokument som skal følgjast opp i planlegginga etter plan- og bygningslova. Vi vil klart rå til å omtale dokumentet i samfunnsdelen, og føreset at kommunen sikrar at planarbeidet i kommunen skjer i tråd med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.*

### **Vår vurdering:**

Under kap. Planskildring vert det vist til dokument om *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*, der sentrale tema er:

Miljøvern, samfunnstryggleik, landbruk, folkehelsearbeidet, born og unge, universell utforming. Meir om dette finn ein på:

<http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/>

### **2. Natur og Miljø - Fylkesmannen skriv:**

*"Miljø og berekraftig utvikling" er kome inn som nytt tema i kommuneplanarbeidet, som følgje av hovudføremålet i ny plan- og bygningslov og naturmangfaldlova. Berekraftig utvikling er i tråd med dette nemnt i eit eige delkapittel (2.2) i forslaget til samfunnsdelen, men manglar innhald utover ein definisjon av omgrepet berekraftig utvikling.*

*Konkrete mål og strategiar for miljø og berekraftig utvikling bør kome betre fram og konkretiserast i samfunnsdelen.*

### **Vår vurdering:**

Nytt pkt.2.2: Berekraft skal vere eit grunnleggjande prinsipp for utviklinga i Selje kommune. Utviklinga av kommunen skal skje på ein slik måte at den dekker behov til dagens generasjon utan at det går ut over komande generasjonar og deira høve til å dekke sine behov.



Tema som må diskuteras i plan er:

- Energi- og klimautfordringar
- Lokale tiltak i samband med klimaendringar
- Arealforvaltning/fortetting/støyforureining
- Naturmangfald

Hovudutfordringa blir å finne ei berekraftig balanse mellom vekst og omsyn til natur og miljø. Dette gjeld mellom anna i høve arealforvaltning, men også i høve biologisk mangfald og energi/miljø.

### **3. Om føringar og strategiar - Fylkesmannen skriv**

*Det går fram av planframlegget (side 3) at samfunnsdelen skal setje mål for ønskt utvikling og peike på tiltak/strategiar for å nå desse måla. Planen er bygd opp kring fem hovudtema som kommunen vurderer som særleg viktige. Dette er «leve og bu», «helse og omsorg», «oppvekst», «næring og kultur» og «samferdsel og kommunikasjon». Det er vidare lista opp mange gode delmål under kvart av hovudmåla. Vi saknar likevel noko meir konkrete føringar og strategiar for innhaldet i arealdelen.*

*Vi ser det som viktig at kommunen i sine strategiar for arealdisponering, m.a. i strandsona, legg vekt på å sikre natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vi oppmodar om å følgje dette opp med strategiar som gjev tydelege føringar for kommuneplanen sin arealdel.*

*Når det gjeld utbyggingsstrategiar vil vi generelt peike på at ny utbygging i størst mogleg grad bør lokaliserast til eksisterande tettstader og grender, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø. Dette vil også kunne redusere bruken av privatbil, (jf. rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging). Vi merkar oss som positivt at bygging av gang- og sykkelveggar er eit satsingsområde. Dette er viktig ved planlegging av infrastruktur og busetjingsmønster og for å sikre trygge skuleveggar.*

### **Vår vurdering:**

Vi vil i kap. 5 presisere noko meir konkrete føringar og strategiar for innhaldet i arealdelen.

### **Samfunnsdelen sin overordna strategi for arealbruk skal styre arbeidet med arealplanen.**

- Fokus på **bustadtilbodet** i kommunen. Kommunen sin strategi for bustadbygging skal vere todelt; regulerte bustadfelt/tettare utbygging og opning for spreidd busetnad elles i kommunen.
- Fokus på **næringslivet** sitt behov for areal til ulike føremål.
- **Stad skipstunnel** – arealbehov og masseplassering for framtidretta utvikling.
- Fokus på **sentrumsutvikling**, som ei drivkraft for handel, næring og kultur. Sentrumsnære leilegheiter og nye næringsareal som kan skape aktivitet og verke vitaliserande på sentrumsområda.
- Arealforvaltning av **strandsona** bør ha fokus på tilrettelegging for turistnæring, fritids-eigedommar og sjøtilknytt næringsverksemd, samstundes som miljøkvalitetar og tilgang for ålmenta blir teke i vare.

- **Oppdrettsnæringa** er ei viktig næring i Selje kommune. Framtidig bruk av sjøareal bør ha fokus på berekraftig utvikling.
- Det er strenge nasjonale føringar når det gjeld bygging og frådelling av tomter i **100m-beltet langs sjøen**. Samstundes ligg store delar av dei områda i kommunen som i det heile *kan* byggast ut i 100m-beltet. Dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona gir noko opning for bygging i strandsona, men føreset mellom anna at alternative lokaliseringar er vurdert. Det vil difor vere viktig å fastsette kva delar av strandlina ein ønskjer å bygge ut, og kva for delar ein skal halde frie.
- Arealdelen må sikre **grønstruktur, trivsel og fysisk aktivitet** gjennom å legge til rette for nye, lett tilgjengeleg og tilrettelagde møteplassar og uterom, stiar, gang- og sykkelveggar og andre grønne strukturar som gir moglegheit for leik, rekreasjon, mosjon, friluftsliv, opplevingar og sosialt samvær.
- I arealdelen må det takast omsyn til **naturressursar, kulturminne og særpreg** i naturen.
- Framtidig arealplanlegging skal ha fokus på **samfunnstryggleik** og **klimaendringar**, og ta høgde for faktorar som havnivåstigning, auka flaum- og skredfare, hyppigare ekstremver, samt auka klimapåverknad på bygg og anna infrastruktur.
- **Fritidsbusetnad** er ei viktig tilleggsnæring, samt viktig for å oppretthalde busetnad i bygdene og for å styrke kommunen sin posisjon som ein attraktiv kommune å besøke. Selje kommune ynskjer å styre utbygginga av hytter/orbuer ved å setje av areal til føremålet. Dette gjeld og areal til båthamner. Planarbeidet må avklare kva for område som bør prioriterast til heilårsbusetnad og næringsliv, og kor det er greitt med bruksendring til fritidsbruk.
- **Landbruk** er viktig for busetjing, verdiskaping og kulturlandskap. I arealforvaltning skal det leggjast stor vekt på kommande generasjonar sine behov for å produsere eigen mat, og at miljøverdiane i kulturlandskapet vert tekne vare på.
- For å styrke Selje kommune sin posisjon i eit større bustad- og pendlingsområde, samt legge til rette for turisme og anna næringsliv, må ein arbeide for å heve standar på **fylkesvegnettet** i kommunen.

#### 4. Universell utforming - Fylkesmannen skriv:

*Vi konstaterer at samfunnsdelen inneheld punkt om universell utforming, og at det er referert til FN-konvensjon om menneskerettar (pkt. 2.3). Vi saknar likevel ei konkretisering av korleis kommunen har tenkt å ta dette omsynet i det vidare planarbeidet. Det same gjeld for tema likestilling under pkt. 2.5.*

#### Vår vurdering:

Nytt punkt 2.3: Universell utforming er eit nasjonalt satsingsområde. Det er to lovverk som presiserer plikta til dette; Plan- og bygningsloven med tilhøyrande tekniske forskrifter samt ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov. Selje kommune vil medverke til at det vert laga fysiske løysingar med god tilgjengelegheit, tryggleik, miljøkvalitet og estetikk.

Tillegg til punkt 2.5 - Selje kommune vil arbeide med inkludering av innflyttarar og innvandrarar.

### **5. Folkehelse - Fylkesmannen skriv:**

*Samfunnsdelen viser til samarbeid på tvers av sektorane og at dette er eit viktig utgangspunkt for planarbeidet framover.*

*Folkehelseomsyn er sett opp som ein premiss for planarbeidet vidare. Det er viktig at folkehelse som tema ikkje vert avgrensa til å gjelde berre for idrett, fysisk aktivitet og folkehelseplanen. Utjamning av sosiale skilnader og helsekonsekvensvurdering skal gjelde og innarbeidast i all planlegging.*

#### **Vår vurdering:**

Tillegg /justering av punkt 2.1:

Selje kommune ynskjer å ha eit heilskapleg fokus på faktorane som har innverknad på helsa med tiltak i alle sektorar for å kunne skape gode oppvekst-og levekår. Kommunen ynskjer å legge til rette for sunne levevanar og fremje fellesskap, tryggleik og deltaking i lokalmiljøet.

### **6. Beredskap og samfunnstryggleik - Fylkesmannen skriv:**

I kapittel 2.4. er overordna mål og strategiar for samfunnstryggleik og beredskap trekt opp. Så vidt vi kan sjå er ikkje klimaendringar omtala spesifikt her, og heller ikkje omtalt andre stader i framlegget til kommuneplanen sin samfunnsdel. Klimaendringar vil truleg påverke samfunnet svært mange område, og det er difor viktig at kommunane skaffar seg kunnskap om moglege konsekvensar og startar arbeidet med å tilpasse samfunnet til dei endra forholda. Vi tilrår at kommunen integrerer omsynet til klimatilpassing i all kommunal planlegging. Kommunen bør vurdere om den bør forankre arbeidet med klimatilpassing i samfunnsdelen.

#### **Vår vurdering:**

Tillegg til punkt 2.4 : Selje kommune skal i sin overordna samfunns- og arealplanlegging ta omsyn til forventa klimaendringar. Dette vil vere sentrale undertema i konsekvensutgreiing og ROS analyser i arealdelen.

### **7. Landbruksfaglege merknader - Fylkesmannen skriv:**

*Samfunnsdelen skal legge premisser og føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Det er difor viktig at utfordringar og moglegheiter knytt til landbruket vert omtala også i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi merkar oss som positivt at det i kapittelet om næring og kultur, også er teke med fleire punkt som omfattar satsingsområde innanfor landbruket. Dette gjeld mellom anna tiltak knytt til kulturlandskap og beitebruk.*

*Her vil vi nemne at Selje kommune har ei sentral rolle i forvaltningsplanen for det nasjonalt viktige kulturlandskapet Hoddevik- Liset, og at dette også bør omtalast i samfunnsdelen. Den tradisjonelle drifta med kystgeit finn vi i dag berre i Selje, der det i 2010 var om lag 300 geiter fordelt på 15-20 besetningar. Driftsforma står i fare for å forsvinne ved at eldre eigarar gir seg og få nye vidarefører kystgeithaldet. Kystgeita kan ha ein viktig funksjon både som landskapspleiar og som grunnlag for lokal kjøtproduksjon. I og med at denne driftsforma er særleg knytt til Selje, meiner vi det er naturleg at det vert nemnt kapittelet næring og kultur i samfunnsdelen*

#### **Vår vurdering:**

Avsnitt om utvalde kulturlandskap Hoddevik – Liset vert teke med i pkt 4.4.

Avsnitt om kystgeita vert teke med i pkt 4.4.

19.02.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fråsegn samfunnsdel Selje
------------	--------------------------------	---------------------------

### **8. Mål og strategiar - Fylkeskommunen skriv:**

*Kommuneplanen bør vere eit strategisk og operativt styringsverktøy tilpassa utfordringane i den einskilde kommune som samfunn og organisasjon. I tillegg skal kommunale og regionale planar vere viktige samarbeidsarena for lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Hovudmålet i den regionale planstrategien er å auke folketalet. Strategiane og arbeidsmåtane i arbeidet for å nå målet er eit felles grunnlag for samfunnsplanlegginga i fylket.*

**Vår vurdering:** Ingen endring i planen

#### **9. Samfunnsdelen sin arealrelevans - Fylkeskommunen skriv:**

*Samfunnsdelen kan og bør fungere som eit viktig grunnlag for arealdelen. Overordna samfunnsstrukturar vil på eit eller anna nivå få konsekvensar for arealbruken. Det er i dei ulike mål- og strategikapitla nemnt strategiar som vil kunne få arealkonsekvensar. Å sikre tilgang på ledige tomter i alle krinsane, og å sikre næringsareal i tilknytning til hovudferdselsårer er døme på strategiar som er nemnt. I den vidare prosessen fram til vedtak av samfunnsplanen, bør det kome noko meir heilskapleg fram kva konsekvensar samfunnsdelen vil ha for arealbruken i kommunen og kva for konkrete føringar det legg for utarbeiding av arealdelen.*

**Vår vurdering:** Jfr. punkt 3 i saksutgreiing: Konkretisering i kap. 5.

#### **10. Handlingsprogram - Fylkeskommunen skriv:**

*Samfunnsdelen er sendt på høyring utan handlingsprogram. Det er fyrst når handlingsprogrammet kjem på høyring at vi kan sjå korleis dei gode tiltaka er tenkt fanga opp og gjennomført. I handlingsprogrammet er det viktig at kommunen definerer kva oppgåver ein må løyse sjølv, kva oppgåver ein tenkjer å løyse saman med lag, organisasjonar og næringsliv og kva ein treng hjelp til frå nabokommunar, region, fylke og stat for å få til ei berekraftig utvikling. Forventningar til eksterne aktørar bør kome noko tydelegare fram. Handlingsdelen skal vere med å vise korleis visjonar, strategiar og mål i samfunnsdelen skal gjennomførast. I rettleiaren til kommuneplan frå MD, T-1492, står det: «Gjennom denne konkretiseringen kan kommunens innbyggere lettere forstå prioriteringene i planen og planen blir mer operativ for kommunestyret.»*

*Det står i kapittel 1.1 at dersom samfunnsdelen i kommuneplanen skal ha ein funksjon, må den gje grunnlag for konkrete prioriteringar og bidra til heilskaplege løysingar som betrar rammevilkåra både for dei ulike sektorane si verksemd og for innbyggjarane. I føreliggjande framlegg bør det gjerast slike prioriteringar. Fram til vedtak bør kommunen leggje opp til naudsynte politiske diskusjonar for å prioritere mellom tiltaka.*

**Vår vurdering:** Er kommentert i innleiinga.

#### **11. Folkehelse - Fylkeskommunen skriv:**

*Folkehelse er både eit eige fagområde, og eit område i andre fagfelt. Folkehelse er nemnt fleire stader i dei innleiande delane av plandokumentet. Men vi ser dei i liten grad att i måldelen av dokumentet. Når det er nemnt i måldelen, kapittel 4.2. Helse og omsorg, er det i liten grad sagt noko om korleis folkehelsearbeidet skal gjennomførast. Folkehelsearbeid bør inngå i alle satsingsområda om kommunen skal lukkast.*

**Vår vurdering:** Jfr. punkt 5 i saksutgreiing.

#### **12. Klima- og miljøkonsekvensar - Fylkeskommunen skriv:**

*Eit tema vi i liten grad finn att er klima og miljø. Kommunen viser til klima- og miljøplanen, utan å gå vidare inn på korleis dei ønskjer å jobbe med denne. Ei av våre store samfunnsutfordringar framover vil vere tilpassing til eit klima i endring. Sjølv om kommunen har utarbeidd eigen klimaplan bør samfunnsdelen i større grad drøfte denne i samanheng med andre samfunnsutfordringar, behov for omstilling, framtidig arealbruk og samfunnstryggleik.*

**Vår vurdering:** Jfr. punkt 6 i saksutgreiinga.

### **13. Samarbeid med fylkeskommunen- Fylkeskommunen skriv:**

*Fylkesrådmannen vil spesielt trekke fram dei områda frå planframlegget der kommunen og det regionale nivået bør trekke i lag, med utgangspunkt i erkjenninga av at kommunen er ein del av eit større bu-, arbeids-, og serviceområde:*

- *handlekraftige regionar*
- *folkehelse og førebyggjande arbeid*
- *berekraftig reiseliv*
- *berekraftig forvaltning og verdiskaping av natur- og kulturverdiane.*

*Fylkeskommunen blir i liten grad utfordra gjennom planframlegget. På mange område er det alt i dag eit samarbeid, for andre er det openbert at løysingane ligg i eit samarbeid. Ei konkret utfordring, gjerne prioritert, hadde gjort det lettare for fylkeskommunen å gje tilsvar på dette. Fylkesrådmannen ønskjer å gå i dialog med kommunen om slike tema, anten via prosessane i dei regionale planane, eller på anna vis.*

*Fylkeskommunen kan tilby ei lang rekke tenester til kommunane. Både innafor statistikk og analyser, næringsutvikling, kultur, samferdsle, planlegging og samfunnsutvikling.*

*Fylkeskommunen har m.a. starta eit arbeid saman med fylkesmannen for å etablere eit læringsnettverk omkring planlegging. For fylkeskommunen vil planarbeid omkring samfunnsdelen i kommuneplanen og arbeidet med kommunale og regionale planstrategiar bli viktige læringstema.*

### **Vår vurdering:**

Det vert laga eit nytt avsnitt 1.1: Nasjonale og regionale forventningar.

Her blir fylkeskommunen trekt inn som samarbeidspart på områder der kommunen og det regionale nivået bør trekke i lag om:

- *Handlekraftige regionar*
- *Folkehelse og førebyggjande arbeid*
- *Berekraftig reiseliv*
- *Berekraftig forvaltning og verdiskaping av natur- og kulturverdiane.*

### **14. Regionale planar- Fylkeskommunen skriv:**

*I høve viktige samarbeidsoppgåver vil vi vise til dei regionale planane som arena for drøfting og samarbeid. Viktige koplingar til desse planane bør også gå fram av samfunns-delen.*

*Aktuelle regionale planar med (vedtaksdato / under arbeid) er sett opp under:*

*Skulebruksplanen (2013)*

*Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2013)*

*Regional plan for verdiskaping (2014)*

*Regional transportplan – RTP (2013)*

*Regional plan for folkehelse (vedtak juni 2015)*

*Regional plan for kysten (start våren 2015).*

**Vår vurdering:** Vert teke med under 1.1: Nasjonale og regionale forventningar.

### **15. Statistikk/analyse - Fylkeskommunen skriv:**

*Vi saknar og ein oversikt over analyser og statistikk som grunnlag for planarbeidet. Ei slik oversikt er viktig for å forstå dei avvegingane kommunen har gjort, og er viktige verkty for å analysere utviklingsområde, som t.d. talet på arbeidsplassar. Her viser vi til Fylkesspegelen som eit godt hjelpemiddel.*

#### **Vår vurdering:**

Vi meiner at vi har med dei mest sentrale statistikkane, m.a folketalsutvikling og aldersamansetning. Vidare er det laga «edderkoppdiagram» for kvart fokusområde som viser viktige utfordringar og som har medverka til valde fokusområder.

02.02.2015	Statens Vegvesen Region vest	Innspel til kommuneplanen
------------	------------------------------	---------------------------

### **16. Statens vegvesen – ingen merknad**

23.02.2015	Hieromonk Damascenos	Innspel til kommuneplanen
------------	----------------------	---------------------------

### **17. Kloster på Seljeøya**

*På grunnlag av høyringa angående Kommuneplanens Samfunnsdel for 2015-2027, under Næring og kultur, ytra vi at planen om bygging av Kloster på Seljeøya må bli vedlagt. Klosteret av Den Hellige Sunniva blei grunnlagt under Patriarkatet av Georgia, ved Dekret nr. 127, og vi er no førebels busatt på Eide i vente på å kunne starte bygginga av Klosteret på øya Selja.*

*Vi ber om at Kommuna må tilrettelegge for bygginga av Klosteret og informere oss nærmare korleis vi skal gå fram vidare.*

*Med takk for god støtte og meddrivkraft i dette viktige og berikende prosjektet for heile distriktet.*

#### **Vår vurdering:**

Vert ein del av arealplanen – ingen endring i samfunnsdelen

I	30.01.2015	Abbedisse Thavoria	Innspel til kommuneplanen sin
---	------------	--------------------	-------------------------------

### **18. Kloster på Seljeøya**

*Innspel til kap. 4, Næring og Kultur: Selje kommune som samfunnsutviklar:*

*Legge til rette for bygging av kloster på Selja.*

#### **Vår vurdering:**

Vert ein del av arealplanen – ingen endring i samfunnsdelen

#### **Sakshandsamar si vurdering**

Det er relativt mange endringspunkt, men sakshandsamar meiner at endringane for det meste er av redaksjonell art og presiseringar. Kan ikkje sjå at det er gjort endringar på fokustema og strategiar for å nå måla. Rådmannen meiner difor at planen kan vedtakast utan ny utlegging til offentleg ettersyn.

## **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

I medhald av plan – og bygningslova §11-15 vert «Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2015- 2027 vedteken, med dei konkrete - og redaksjonelle endringane i pkt 1- 18 som går fram i saksutgreiinga.

### **Handsaming i Formannskapet - 15.04.2015**

7 voterande

Orientering / vart lagt fram i møtet:

Oppdatert kommuneplan Samfunnsdel 2015-2027.

Notat, dat. 14.04.15 frå sakshandsamar Gry O. Leikanger.

### **Ny tilråding frå administrasjonen:**

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg som punkt nr. 2:

Fram mot kommunestyret 27.04.15 får administrasjonen fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumentet. Endringane vil bli lista opp i eit tilsvarande notat.

Administrasjonen vil også forbetre plandokumentet med omsyn til layout.

### **Røysting:**

Ny endra tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes

### **FS-032/15 FRAMLEGG**

Pkt. 1

I medhald av plan – og bygningslova §11-15 vert «Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2015- 2027 vedteken, med dei konkrete - og redaksjonelle endringane i pkt 1- 18 som går fram i saksutgreiinga.

Pkt. 2

Fram mot kommunestyret 27.04.15 får administrasjonen fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumentet. Endringane vil bli lista opp i eit tilsvarande notat.

Administrasjonen vil også forbetre plandokumentet med omsyn til layout.

### **Handsaming i Kommunestyret - 27.04.2015**

17 voterande

**Orientering:**

Notat / merknad frå sakshandsamar Plan og Utvikling Gry O. Leikanger, dat. 20.04.15, vart lagt fram til møtet.

**Framlegg frå Kommunestyret:**

Som framlegg frå Formannskapet, men med nytt pkt. 2:

Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumentet.

Administrasjonen vil også forbetre plandokumentet med omsyn til layout.

Plandokumentet vert endeleg vedteke i Formannskapet 03.06.15.

Framlegg frå rådmann fekk 17 røyster for. Samrøystes.

**KS-023/15 VEDTAK**

Pkt. 1

I medhald av plan – og bygningslova §11-15 vert «Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2015- 2027 vedteken, med dei konkrete - og redaksjonelle endringane i pkt 1- 18 som går fram i saksutgreiinga.

Pkt. 2

Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumentet.

Administrasjonen vil også forbetre plandokumentet med omsyn til layout.

Plandokumentet vert endeleg vedteke i Formannskapet 03.06.15.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



